



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
04.11.2019	129037/2019	Ståle Solgard

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utdannings- og kompetanseutvalet	11.11.2019
	Fylkesrådmannens tilråding	14.11.2019
	Fylkesutvalet	26.11.2019
	Fylkestinget	09.12.2019

Omstilling 2020 - Delrapport: Tilbods- og skolestruktur, reduksjon av driftsnivå - Utdanning

Bakgrunn

Prosjekta «Møre og Romsdal fylkeskommune – omstilling av organisasjonen mot 2020» og «Møre og Romsdal som region mot 2025» er initiert med bakgrunn i Økonomiplan 2018-2021 (sak T-63/17).

Omstilling av organisasjonen mot 2020 (Omstilling 2020) tar opp i seg omstilling og utvikling av Møre og Romsdal fylkeskommune som organisasjon. Innretning av og mål for prosjektet med tilhøyrande tiltaksområde er vedtatt i sak T-13/19. Formålet er å:

- tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som utviklingsaktør til dei økonomiske rammeendringane og nye oppgåver som følgje av regionreforma
- vurdere behovet for organisatoriske endringar, her også behovet for endring av gjeldande strukturar på eit eller fleire område
- ta opp i seg behovet for å modernisere, effektivisere og profesjonalisere den fylkeskommunale organisasjonen

Det er fastsett eit overordna mål og 8 effektmål for prosjektet. Vidare er det fastsett 8 tiltaksområde som prosjektet skal bidra med leveransar på for å nå måla. Det overordna målet har slik ordlyd:

- *«Møre og Romsdal fylkeskommune er ein attraktiv og innovativ samfunnsutviklar, tenesteleverandør og arbeidsgivar. Organisasjonen har kapasitet og kompetanse til å møte framtidige behov med eit berekraftig drifts- og investeringsnivå.»*

I tiltaksområde 7 for Omstilling 2020 er det fastsett at ein skal «Utgrei organisering av tilbods- og skolestruktur for den vidaregåande opplæringa, jf. eige delprosjekt «Vidaregående skole- og tilbodsstruktur» (P6). Overordna mål for dette delprosjektet:

- *«skole- og tilbodsstrukturen er tilpassa slik at den gir kompetanse og kapasitet til å nå måla i kvalitetsplan for vidaregåande opplæring og understøtter regionen sitt framtidige behov for kompetanse og arbeidskraft innafor ein berekraftig økonomi.»*

Utdanningssektoren skal gjere varige endringar som reduserer driftsnivået med 50 mill. i 2020 og 100 mill. i utgangen av økonomiperioden (sak T-34/19 om "Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2020-2023"). I denne saka vert det lagt

fram eit samla framlegg til tiltak for innsparing i utdanningssektoren der tiltaka frå delprosjekt «tilbods- og skolestruktur» er inkludert. Dette må sjåast i samanheng med sak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023.

I samband med delprosjekt P6 er det utarbeidd ein prosjektrapport.

Prosjektrapporten med tilhøyrande vedlegg gir kunnskapsgrunnlag for saka og viser utgreiingane som er gjort som grunnlag for fylkesrådmannen si tilråding. Rapporten, med vedlegg, følgjer denne saka som vedlegg.

Lønn utgjer 94% av budsjetterte utgifter i 2019 i utdanningssektoren. Det meste av innsparinga må derfor skje ved reduksjon av klasser, sidan det er dette som i hovudsak styrer lønsutgiftene. I sak T-13/19 vart det vedtatt at «reduksjon i bemanning vil så langt som mulig skje gjennom naturleg avgang og turnover.» Ein reduksjon i driftsnivå i så stort omfang som vi ser her, vil få konsekvensar for dei tilsette, og når det er gjort vedtak må ein difor sikre gode overgangar for personalet, t.d. gjennom systemet for overtalshandtering. I samband med Omstilling 2020 er det utarbeidd ein rettleiar for arbeidsgivarpolitikk ved endring og omstilling der også spørsmål om personalhandtering er nærmere omtalt. Både på grunn av omsyn til personalet og planlegging av ein god og føreseielig tilbodsstruktur for elevane, vil det ta tid å gjennomføre og få full effekt av tiltaka som blir lagt fram.

Sjølv om vi i denne saka har fokus på utfordringane i økonomiplanperioden 2020-23, er det likevel viktig å peike på dei meir langsiktige utfordringane den demografiske utviklinga i regionen vår vil føre med seg. Vi skal i denne omgang tilpasse kapasitetene på kort sikt, men må samtidig ta med i vurderinga at nedgangen i elevtal i heile fylket vil forsterke seg om nokre år. Nokre skoleregionar merkar denne nedgangen allereie no.

Vurdering

I denne saka vert det lagt fram tiltak gruppert etter ei prioritert rekkefølge, der det har vore eit mål å så langt som mogeleg bevare dagens skolestruktur.

Tiltaka er gruppert slik:

1. Administrative ordningar
2. Dyre tilbod
3. Tiltak som vil fylle opp klasser og samle tilboda på færre skolar
4. Administrativ samanslåing av skolar
5. Legge ned/slå saman skolar – ikkje prioriterte tiltak

Dersom ein ikkje kjem i mål i forhold til innsparingskravet med tiltak på dei 4 første punkta, må ein altså vurdere skolestrukturen. Men det er viktig å påpeike at konsekvensane er store også ved omstilling av tilbodsstrukturen, ikkje berre ved skolenedlegging. I prioriteringane som er gjort har ein forsøkt å finne tiltak som rammar elevane og kvaliteten i opplæringa deira i minst mogeleg grad.

Møre og Romsdal fylkeskommune har prioritert å ha ein desentralisert skolestruktur, der ei av dei overordna målsetjingane har vore at færrest mogeleg skal måtte flytte på hybel eller reise langt for å gå på vidaregåande skole. Dette har medført opprettning av mange små klasser sidan det samtidig har vore eit ønske om at elevane skal kunne velje mellom fleire utdanningsprogram. I tillegg til at dette er kostbart, får ein små fagmiljø som er sårbar for endringar i elevsøkinga og dermed også ein usikker arbeidssituasjonen for dei tilsette. Kort reisetid og store fagmiljø er berre mogeleg å kombinere i dei mest folkerike delane av fylket. Som vist i

rapporten vil den demografiske utviklinga dei neste åra forsterke dette. Det å ikkje gjere noko med skolestrukturen har også konsekvensar for investeringsbehov relaterte til skolebygg, noko som vil påverke fylkeskommunens økonomi. Viser her til vedlegg 2 i rapporten.

I denne prosessen har vi forsøkt å finne innsparingstiltak som rammar elevane og kvaliteten i opplæringa deira i minst mogeleg grad. Målet har altså vore å finne dei tiltaka som gir mest effekt med minst skadeverknad både for elevane og dei tilsette, og samstundes ha fokus på at tilbodet og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa samla sett i Møre og Romsdal skal vere best mogeleg. Vi skal ha relevante og framtidsretta tilbod som bidreg i rekrutteringa til lokal og regional arbeidskraft. Det blir svært viktig for regionen vår å oppretthalde den gode gjennomføringa for elevar og lærlingar gjennom satsing på gode læringsmiljø og god tilpassa opplæring. Det er derfor viktig at reduksjonen i driftsnivå skjer gjennom målretta tiltak, ikkje gjennom generelle kutt i budsjetta til alle skolane, då det er det som vil ramme kvaliteten i opplæringa til elevane hardast.

Det er viktig å få fram at alle tiltaka får konsekvensar, og det er gode argument for å behalde alt det blir foreslått å ta bort. Dersom ein tar ut fleire av tiltaka på dei første fire punkta i prioriteringslista og derfor ikkje kjem i mål i forhold til innsparingskravet, må ein altså vurdere tiltak som går på skolestrukturen. Derfor har vi hatt mykje fokus på fordelinga av tilbod mellom skolane (tiltaksområde 3).

Samling av tilbod på færre skolar kan gjere dei meir levedyktige, og unngå ei gradvis utarming av skolane som kan vere ein større trussel for arbeidsplassane. Ei styrt samanslåing av skolar (tiltaksområde 4) kan på mange måtar sikre dei tilsette betre, og dette er viktig å ha med seg i vurderinga når ein vel tiltak. Ein reduksjon i driftsnivå i så stort omfang som vi ser her, vil uansett få konsekvensar for dei tilsette, og når det er gjort vedtak må ein difor sikre god personalhandtering. Både på grunn av omsyn til personalet og planlegging av ein god og føreseielig tilbodsstruktur for elevane, vil det ta tid å gjennomføre og få full effekt av tiltaka som blir lagt fram.

Omstillinga vil ta tid, og til dømes vil ein for 2020 berre få effekt av utdanningstilbod som ikkje vert sett i gang frå hausten. Målet om å få ned driftsnivået med 50 mill. blir derfor vanskelig å nå i 2020, men i dette forslaget til tiltak vil ein likevel komme i mål med 100 mill. i løpet av økonomiplanperioden.

Som det er vist i rapporten vil også nokre av tiltaka ha eit lengre perspektiv, t.d. der det krev investeringar i skolebygg for å få effekt av tiltaka. Vi må sikre at vi har eit tilbod til alle elevane, og klassereserven må brukast for å opprette nye klasser der det er behov for det. Føresetnaden for å klare innsparingskravet utan å gjere store grep på skolestrukturen er at alle dei andre tiltaka blir vedtatt. Det som vil få dei alvorligaste konsekvensane for kvaliteten og gjennomføringa i vidaregåande opplæring er dersom kutt i denne størrelsen skal fordelast på alle skolane, fordi det vil svekke skolane si evne til å drive god tilpassa opplæring og tett oppfølging, ha gode elevtenester og generelt oppretthalde den gode kvaliteten i opplæringa. Det er altså dette vi meiner vil ramme elevane, og da særlig dei svakaste elevane, hardast.

Tilrådde tiltak:

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
1	Ikkje tilby PC-stipend	2	2	2	2
1	Redusert administrasjon utdanningsavdelinga	2	2	3	3
1	Trekke inn ekstramiddel forskarlinja				
1	Fagerlia vgs	0,1	0,6	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramiddel toppidrett				
1	Volda vgs	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramiddel idrettsfag				
1	Stranda vgs	0,3	1	1,7	2,1
1	Ålesund vgs ikkje tilby				
1	Entreprenørskap	0,1	0,3	0,5	0,7
1	Trekke inn ekstramiddel entreprenørskap Atlanten vgs	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Seie opp avtalen med Tøndergård skole- og ressurscenter	2,1	2,1	5,2	5,2
Sum tiltaksområde 1		7	8,8	14,2	14,8
Tiltaksområde	Tiltak				
2	Redusere klassetall på Musikk, dans og drama	2,7	10,3	15,3	18,4
2	Ikkje tilby YSK-utdanning (Fræna vgs, Ulstein vgs, Haram vgs, Kr.sund vgs, Ålesund vgs)	2	6,9	11,7	15,8
2	Ikkje tilby vg2 i Skottland	0,6	1,5	1,5	1,5
2	Ikkje tilby IB-linje Spjelkavik vgs	1,1	4	5,7	5,7
2	Trekke inn ekstramiddel til vg3 språkopplæring			1,7	1,7
Sum tiltaksområde 2		6,4	24,4	35,9	43,1
Tiltaksområde	Tiltak				
3	Fræna vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,7	2,2	2,8	3
3	Fræna vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Gjermundnes vgs Påbygging saman med Rauma vgs	1,15	2,3	2,3	2,3
3	Gjermundnes vgs, ikkje tilby vg2 Industrieknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Haram vgs, ikkje tilby vg2 Kulde og varmepumpeteknikk	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Herøy vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Kunst, design og arkitektur samla ved Fagerlia vgs og Molde vgs	0,8	2,7	4,9	6,2
3	Medium og kommunikasjon samla ved Volda vgs og Kr.sund vgs	0,7	2,7	5,1	6,7
3	Ørsta vgs, ikkje tilby Design og handverk	0,5	1,3	2,6	2,6
3	Ørsta vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,75	1,5	3	3
3	Stranda vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,7	1,4	1,4	1,4

	Stranda vgs, ikkje tilby vg2				
3	Helsearbeidarfag	0,3	0,8	0,8	0,8
3	Sunndal vgs, ikkje tilby Elektrofag	0,5	1,4	2,7	2,7
	Sunndal vgs, ikkje tilby vg2				
3	Industriteknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
	Surnadal vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,9	2,7	2,7
	Sykylven vgs, ikkje tilby vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Tingvoll vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,35	0,7	0,7	0,7
	Kristiansund vgs, redusere kapasitet				
3	Helse- og oppvekstfag med 1 klasse	0,6	1,9	2,7	2,7
	Tingvoll vgs, ikkje tilby vg3 Medium og kommunikasjon	0,3	0	0	0
	Effekt av Ålesundsstrukturen jf. vedtak Fylkestinget (T-38/13)	0	3	6	6
	Legge ned avdeling Vanylven ved Herøy vgs	3,75	9	9	9
	Sum tiltaksområde 3	15	40,6	54,5	57,6
Tiltaksområde	Tiltak				
4	Administrativ samanslåing Fagerlia vgs og Ålesund vgs	0	4	6	8
4	Administrativ samanslåing Romsdal vgs og Fannefjord vgs	0	1	1	1
4	Administrativ samanslåing Borgund vgs og UPA skole	0	1	1	1
	Sum tiltaksområde 4	0	6	8	10
Tiltaksområde	Tiltak				
5	Administrativ samanslåing Sykkylven vgs og Stranda vgs*	0,7	10	23,3	23,3
5	Legge ned Tingvoll vgs*		8	17,6	17,6
5	Legge ned Gjermundnes vgs*		11,6	27,8	27,8
	Sum tiltaksområde 5	0,7	29,6	68,7	68,7
6	Klassereserve til disposisjon		5	10	15
	Sum tiltaksområde 1-4	28,4	74,8	102,6	110,5
	Sum tiltaksområde 1-5	25,58	96,25	161,65	169,15

* betyr at tiltaket er utgreidd, men ikkje med i framlegg til vedtak

Fylkesrådmannen si utgreiing og tilråding til "Vidaregåande skole- og tilbodssstruktur" og tiltak for å nå måltal for reduksjon av driftsnivå innafor utdanningssektoren er tatt opp til drøfting med hovudtillitsvalte dei hovudtillitsvalte i samband med møte i hovudsamarbeidsutvalet den 31.10.19. Referat frå drøftingsmøtet følgjer som eige vedlegg nr. 3. Av referatet går det fram:

«Dei tillitsvalte deler administrasjonen sin framstilling av utfordringsbildet og vurderingar av behovet for å ta grep med bakgrunn i den økonomiske

situasjonen. Dei tillitsvalte har ikkje merknader til dei tilrådingane som går fram av rapporten til denne saka.»

Forslag til vedtak:

1. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 1 i tabellen ovanfor.
2. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 2 i tabellen ovanfor.
3. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 3 i tabellen ovanfor.
4. Fylkestinget vedtek at det blir sett i gang ein prosess med siktet på ei administrativ samanslåing av Ålesund vgs og Fagerlia vgs. ST-tilbodet skal tilpassast slik at ein får nytta ledig kapasitet ved Spjelkavik vgs, og etter kvart ta ut av bruk skolelokala ved Volsdalsberga og Latinskolen.
5. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for UPA-skole og Borgund vgs.
6. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for Fanefjord vgs og Romsdal vgs.
7. Fylkestinget ber administrasjonen om å greie ut og planlegge administrativ samanslåing av Stranda og Sykkylven vgs.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Omstilling 2020 - Delrapport: Tilbods- og skolestruktur, reduksjon av driftsnivå - Utdanning
- 2 Metodedokument om framskriving av elevtal
- 3 Referat frå drøftingsmøte med organisasjonane 31.10.2019

Behandling i Fylkestinget - 10.12.2019

Geir Stenseth (FRP) fremma følgjande forslag:

- «1. Fylkestinget vedtek desse tiltaka for tiltaksområde 1.
- Ikkje tilby PC-stipend Kr. 2. million.
 - Redusert administrasjon utdanningsavdelingen Kr. 4 million.
2. Fylkestinget vedtek ikkje dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 2.
3. Fylkestinget vedtek ikkje dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 3.
4. Fylkestinget vedtek at det blir sett i gang ein prosess med sikte på ei administrativ samanslåing av Ålesund vgs og Fagerlia vgs. ST-tilbodet skal tilpassast slik at ein får nytta ledig kapasitet ved Spjelkavik vgs, og etter kvart ta ut av bruk skolelokala ved Volsdalsberga og Latinskolen.
5. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for UPA-skole og Borgund vgs.
6. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for Fannefjord vgs og Romsdal vgs.
7. Fylkestinget vedtek felles administrasjonen for Stranda og Sykkylven vgs.»

Torgeir Dahl (H) fremma følgjande forslag:

«Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka frå fylkesrådmannen for tiltaksområde 1 til 3 i tabellen med dei endringar som kjem fram i punkta under:

1. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 1 i tabellen ovanfor.
2. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 2 i tabellen ovanfor.
3. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 3 i tabellen ovanfor med slike endringar:

Tiltak	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>
D05 Strukturendringar VGS; Sykkylven/Stranda,Tingvoll/Gjermund nes	- 10mill	- 20mill	- 50mill	- 50mill
D05 Oppretthalde - YSK - Musikk, dans og drama	+ 2mill + 2mill	+ 7mill + 7mill	+ 10mill + 10mill	+ 14mil + 14mill
Tøndergård skole, vidareføre avtale	+ 2mill	+ 2mill	+ 5mill	+ 5mill
Samla auka kutt/endringar	4mill	4mill	25mill	17mill

»

Torgeir Dahl (H) fremma følgjande verbforslag:

«Landbruksnæringa er ei viktig næring i M&R og treng eit sterkt opplærings- og kompetansemiljø for å sikre god rekruttering.

Fylkestinget ber om at det vert igangsett eit prosjekt for å utrei korleis fylket skal kunne utvikle eit framtidsretta vidaregåande skoletilbod og eventuelt eit fagskoletilbod retta mot næringa.

Alternative lokasjonar skal være Gjermundnes eller Tingvoll. Problemstillingar som skal vurderast:

- Tilgang til landbruksfagleg kompetanse
- Utnytting av eksisterande infrastruktur
- Investeringsbehov
- Framtidig rekrutteringsstyrke i høve til elevar og studentar
- Driftsøkonomi

Landbruksnæringa skal inviterast til å delta i utgreiinga.

Rapporten skal være ferdig i løpet av april 2020.»

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma på vegner av KRF, AP, SP, SV, og V følgjande forslag:

«Tilleggsforslag til punkt 6:

Fylkestinget vedtek felles administrasjon for Fannefjord vgs. og Romsdal vgs. Lokaliteten Fannefjord skal opprettholdes. Ordningen med felles administrasjon evalueres iløpet av 2021.»

Per Vidar Kjølmoen (AP) fremma på vegner av seg sjølv, Kristin Marie Sørheim (SP), Yvonne Wold (SV), Randi Walderhaug Frisvoll (KRF), Carl Johansen (MDG), Pål Farstad (V) og Line Hoem (Ap):

«Endringsforslag, punkt 3:

- * Industrieknologi VG2 ved Gjermundnes vgs takast ut.
- * VG3 påbygging til generell studiekompetanse blir videreført ved Gjermundnes vgs med følgjande estimerte budsjettverknad

1,15

2,3

2,3

2,3»

Senterpartiet ba om gruppemøte og møtet vart heva kl 10.50.
Møtet vart sett igjen kl 11.00.

Votering:

Forslaget frå Torgeir Dahl (forslag til punkt 1-3) fekk 7 røyster og fall.

Forslaget frå Geir Stenseth med fleire fekk 12 røyster og fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, inkl endringsforslag i punkt 3 frå Per Vidar Kjølmoen med fleire, fekk 28 røyster og vart vedteke.

Voteringa over tilrådinga frå fylkesutvalet, inkl endringsforslag i punkt 3 frå Per Vidar Kjølmoen med fleire vart gjort om inkje.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, inkl endringsforslag i punkt 3 frå Per Vidar Kjølmoen med fleire, og til og med punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet, fekk 28 røyster og vart vedteke.

Punkta 5, 6, 7, 8 ,9 og 10 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 12 røyster.

Forslaget frå Randi Walderhaug Frisvoll med fleire vart samrøystes vedteke.

Verbalforslaget frå Torgeir Dahl, utan setninga «*Alternative lokasjonar skal være Gjermundnes eller Tingvoll*» vart vedteke mot 6 røyster.

Setninga «*Alternative lokasjonar skal være Gjermundnes eller Tingvoll*» i verbalforslaget frå Torgeir Dahl fekk 8 røyster og fall.

Vedtak i Fylkestinget - 10.12.2019

1. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 1 i tabellen ovanfor med slik endring:

Ekstramidlar toppidrett	0,3	0,7	0,7	0,7
Stranda				
Tøndergård	2,1	2,1	3,0	3,0

2. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 2 i tabellen ovanfor med slik endring:

Redusere klassetal musikk, dans, drama	1,3	5,1	7,6	9,2
YSK Haram	0,5	1,7	2,9	3,9

3. Fylkestinget vedtek dei føreslegne tiltaka for tiltaksområde 3 i tabellen ovanfor med slik endring:

Fræna vgs RM	0,7	2,2	2,8	3,0
Ørsta RM fag	0,75	1,5	3,0	3,0
Stranda RM	0,7	1,4	1,4	1,4
Sunndal elektro	0,5	1,4	2,7	2,7
Herøy BA	0,6	1,3	1,3	1,3
Surnadal bygg	0,5	0,7	0,7	0,7
Tingvoll bygg	0,35	0,7	0,7	0,7
Volda og KSU KDA	0,8	2,7	4,9	6,2
Gjermundnes vgs. påbygging	1,15	2,3	2,3	2,3

4. Fylkestinget vedtek at det blir sett i gang ein prosess med sikte på ei administrativ samanslåing av Ålesund vgs og Fagerlia vgs. ST-tilbodet skal tilpassast slik at ein får nytta ledig kapasitet ved Spjelkavik vgs, og etter kvart ta ut av bruk skolelokala ved Volsdalsberga og Latinskolen.
5. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for UPA-skole og Borgund vgs.

6. Fylkestinget vedtek felles administrasjon for Fannefjord vgs og Romsdal vgs. Lokaliteten Fannefjord skal opprettholdes. Ordningen med felles administrasjon evalueres iløpet av 2021.
7. Fylkestinget ber administrasjonen om å greie ut og planlegge administrativ innsparing mellom Stranda og Sykkylven vgs og andre aktuelle skular.
8. Fylkestinget tek stilling til endeleg struktur for RM/BA Søre Sunnmøre i samband med byggjesak for nye Ørsta vidaregåande skule.
9. Fylkestinget ber administrasjonen vurdere å flytte VG2 kulde- og varmepumpeteknikk til Borgund vidaregåande skule.
10. Fylkesutvalet ber om at avtalen med Tøndergård blir gjennomgått for å sjå på korleis ein kan bruke kompetansen til fylkeskommunen og Tøndergård på best muleg måte, med sikte på å vidareføre avtalen med Tøndergård.
11. Landbruksnæringa er ei viktig næring i M&R og treng eit sterkt opplærings- og kompetansemiljø for å sikre god rekruttering.

Fylkestinget ber om at det vert igangsett eit prosjekt for å utrei korleis fylket skal kunne utvikle eit framtidsretta vidaregåande skoletilbod og eventuelt eit fagskoletilbod retta mot næringa.


Problemstillinger som skal vurderast:

- Tilgang til landbruksfagleg kompetanse
- Utnytting av eksisterande infrastruktur
- Investeringsbehov
- Framtidig rekrutteringsstyrke i høve til elevar og studentar
- Driftsøkonomi

Landbruksnæringa skal inviterast til å delta i utgreiinga.
Rapporten skal være ferdig i løpet av april 2020.

OMSTILLING 2020

DELRAPPORT: TILBODS- OG SKOLESTRUKTUR, REDUKSJON
AV DRIFTSNIVÅ UTDANNING



Møre og Romsdal fylkeskommune
2019

Innheld

INNLEIING.....	2
Ein berekraftig struktur for framtida.....	2
Kunnskapsgrunnlaget.....	3
Demografi og elevtalsframskriving	4
Generelle prioriteringar og vurderingar	6
Tiltaksområde 1: ADMINISTRATIVE ORDNINGAR	8
Tiltaksområde 2: REDUKSJON I DYRE TILBOD	10
Generelle vurderingar	10
Tiltaksområde 3: FYLLE OPP KLASSE OG SAMLE TILBODA PÅ FÆRRE SKOLAR	13
Generelle vurderingar	13
Søre Sunnmøre.....	16
Elevframskriving for Søre Sunnmøre.....	16
Tiltak Søre Sunnmøre	16
Konsekvensar Søre Sunnmøre	18
Nordre Sunnmøre	19
Elevframskriving for Nordre Sunnmøre	19
Tiltak Nordre Sunnmøre.....	19
Konsekvensar for Nordre Sunnmøre.....	21
Romsdal.....	22
Elevframskriving Romsdal	22
Tiltak Romsdal	22
Konsekvensar Romsdal	24
Nordmøre.....	25
Elevframskriving Nordmøre	25
Tiltak Nordmøre	25
Konsekvensar Nordmøre.....	27
Tilbod i berre to regionar	28
Klassereserve	29
Tiltaksområde 4: ADMINISTRATIV SAMANSLÅING AV SKOLAR	29
Generelle vurderingar	29
Tiltak.....	30
Tiltaksområde 5: LEGGE NED/SLÅ SAMAN SKOLAR – IKKJE PRIORITERTE TILTAK	32
Generelle vurderingar	32
Tiltak.....	33
OPPSUMMERING	36
Vedlegg:	38

INNLEIING

Ein berekraftig struktur for framtida

Prosjekta «Møre og Romsdal fylkeskommune – omstilling av organisasjonen mot 2020» og «Møre og Romsdal som region mot 2025» er initiert med bakgrunn i Økonomiplan 2018-2021 og vedtak i sak T-63/17.

Omstilling av organisasjonen mot 2020 (Omstilling 2020) tek opp i seg omstilling og utvikling av Møre og Romsdal fylkeskommune som organisasjon. Innretning av og mål for prosjektet med tilhøyrande tiltaksområder er vedtatt i sak T-13/19. Føremålet er å:

- tilpasse fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og rolla som utviklingsaktør, til dei økonomiske rammeendringane og nye oppgåver som følgje av regionreforma
- vurdere behovet for organisatoriske endringar, her også behovet for endring av gjeldande strukturar på eit eller fleire område
- ta opp i seg behovet for å modernisere, effektivisere og profesjonalisere den fylkeskommunale organisasjonen

Det er fastsett eit overordna mål og 8 effektmål for prosjektet. Vidare er det fastsett 8 tiltaksområde som prosjektet skal bidra med leveransar på for å nå måla. Det overordna målet har slik ordlyd:

- «*Møre og Romsdal fylkeskommune er ein attraktiv og innovativ samfunnsutviklar, tenesteleverandør og arbeidsgivar. Organisasjonen har kapasitet og kompetanse til å møte framtidige behov med eit berekraftig drifts- og investeringsnivå.»*

I rapporten til forprosjektet for Omstilling 2020 står det mellom anna:

«Møre og Romsdal fylkeskommune har 23 videregående skoler med et relativt lavt antall elever per skole målt mot landsgjennomsnittet. I dag er det relativ lav utnyttingsgrad og mye ledig kapasitet på skolene i indre del av fylket mens det er høy utnyttelsesgrad og til dels manglende arealer på skolene i ytre del av fylket. Trenden med nedadgående folke- og elevtall på indre del og oppadgående folke- og elevtall på ytre del forsterker utfordringen med å holde kostnadene til drift og utvikling nede. Den desentraliserte modellen med mindre videregående skoler er dyrere å drifta enn en sentralisert modell med større skoler.»

I rapporten frå forprosjektet omtalar ein også KOSTRA-analysen som er gjennomført for å samanlikne ressursbruken i Møre og Romsdal fylkeskommune med landsgjennomsnitt og 5 utvalde fylkeskommunar. Analysen viser mellom anna at Møre og Romsdal fylkeskommune ligg høgt på ressursbruk til enkelte tilbod innanfor utdanningsområdet. Både KOSTRA-analysen og rapporten er tilgjengeleg som vedlegg til sak T-13/19.

I tiltaksområde 7 for Omstilling 2020 er det fastsett at ein skal «Utgrei organisering av tilbods- og skolestruktur for den vidaregåande opplæringa, jf. eige delprosjekt «Vidaregåande skole- og tilbodsstruktur» (P6). Overordna mål for dette delprosjektet:

- «*skole- og tilbodsstrukturen er tilpassa slik at den gir kompetanse og kapasitet til å nå måla i kvalitetsplan for vidaregåande opplæring og understøtter regionen sitt framtidige behov for kompetanse og arbeidskraft innafor ein berekraftig økonomi.»*

Utdanningssektoren skal gjere varige endringar som reduserer driftsnivået med 50 mill. i 2020 og 100 mill. i utgangen av økonomiperioden (sak T-34/19 om “Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2020-2023”). I denne rapporten vert det lagt fram eit samla framlegg til tiltak for innsparing i utdanningssektoren der tiltaka frå delprosjekt «tilbods- og skolestruktur» er inkludert. Denne rapporten må også sjåast i samanheng med sak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023.

Tildelingsmodellen til skolane er i hovudsak innretta slik at ein tildeler midlar etter talet på klasser, der utdanningsprogramma har ulik finansiering grunna ulike kostnader. Den desentraliserte skolestrukturen i Møre og Romsdal gjer også at fylket finansierer dei kombinerte distriktskolane litt meir til studiespesialiserande utdanningsprogram for at dei skal kunne gi elevane eit relativt stabilt, godt og variert tilbod samanlikna med dei større skolane i byane.

Vi har i dag litt under 10 000 elevar fordelt på ca. 500 klasser. Dette er det summerte talet på *heile* klasser. Det vil seie at det i dette talet ligg det mange $\frac{1}{2}$ - og $\frac{1}{4}$ -klasser, og at det reelle klassetalet derfor er høgare. Vi er pålagt gjennom lov å gi alle elevar med ungdomsrett ein skoleplass på eitt av 3 søkte utdanningsprogram. Talet på klasser for våren 2020 er allereie fastsett, noko som betyr at innsparinga i hovudsak må skje frå hausten 2020 og framover. Søkarsystemet Vigo opnar 6.1.20, og for at tiltaka som blir lagt fram i denne saka skal få økonomisk gevinst hausten -20 er det viktig at tilboda ikkje er søkbare då. Dei elevane som har starta på eit tilbod, må få fullføre dette som planlagt, og dette gjer også at det vil ta tid å realisere gevinsten av tiltaka.

Løn utgjer 94% av budsjetterte utgifter i 2019 i utdanningssektoren. Det meste av innsparinga må derfor skje ved reduksjon av klasser, sidan det er dette som i hovudsak styrer lønsutgiftene. I sak T-13/19 vart det vedtatt at «reduksjon i bemanning vil så langt som mogeleg skje gjennom naturleg avgang og turnover.» Ein reduksjon i driftsnivå i så stort omfang som vi ser her, vil få store konsekvensar for dei tilsette, og når det er gjort vedtak må ein derfor sikre gode overgangar for personalet, t.d. gjennom systemet for overtalshandtering. I samband med Omstilling 2020 er det utarbeidd ein rettleiar for arbeidsgivarpolitikk ved endring og omstilling der også spørsmål om personalhandtering er nærmere omtalt. Både på grunn av omsyn til personalet og planlegging av ein god og føreseieleg tilbodsstruktur for elevane, vil det ta tid å gjennomføre og få full effekt av tiltaka som blir lagt fram.

Det er ei usikkerheit i innsparingane sidan ein har berekna tala ut frå 2.ønska til elevane inneverande år, og dette kan endre seg når tilboda vert endra.

Kunnskapsgrunnlaget

I mandatet til delprosjektet «tilbods- og skolestruktur» legg det å utgreie og tilrå innretning av skole- og tilbodsstrukturen basert på strukturanalyse av:

- a) demografiske endringa
- b) behov for kompetanse og arbeidskraft i regionen
- c) elevsøking og- pendling
- d) skolebygga sin tilstand, kapasitet og utnyttingsgrad
- e) kollektivtransport/skoleskyss
- f) økonomiske nøkkeltal for skoledrift- og utvikling
- g) føresetnader for ressurseffektive og robuste fag- og arbeidsmiljø for tilsette som fremmar sterke læringsmiljø for elevane
- h) konsekvensar for lokalmiljøet

Her har utdanningsavdelinga samarbeidd tett med avdelingane for bygg og eigedom, regional og næring, plan og analyse, samferdsel, personal og økonomi.

Når det gjeld demografisk utvikling, er det utarbeidd eit eige dokument som gjer greie for metodane som er brukt for elevalsframskriving (vedlegg 2), og her har vi tal som viser den generelle elevalsutviklinga i tillegg til utviklinga regionvis, skolevis og etter utdanningsprogram. Kunnskapsgrunnlaget for Kompetansealliansen (sak UD-19/19) gir viktig kunnskap om behova for kompetanse og arbeidskraft i regionen i framtida. I tillegg er også statistikk for tal på læreplassar viktig her. Når det gjeld elevsøking og –pendling har vi med utgangspunkt i søkerkartal dei siste åra identifisert svakt søker tilbod, og deretter analysert 2.ønska til elevane og simulert inntak, altså sett på korleis elevane ville fordelt seg dersom det aktuelle tilboden er borte. Her har vi også sett på bustadkommunar og kva konsekvensar tiltaka vil få for pendleavstand for elevane. Bygg- og eigedomsavdelinga har eit omfattande kunnskapsgrunnlag når det gjeld tilstand, kapasitet og utnyttingsgrad for skolebygga, og dette er sett i samanheng med vedlikehaldskostnadene og investeringsbehov. Det er også berekna kostnader ved endringar i skoleskyss dersom skolestrukturen blir endra. På området økonomiske nøkkeltal for drift og utvikling er det gjort analyser av kostratal med utgangspunkt i rapporten frå forprosjektet til Omstilling 2020 og budsjettert for dei ulike alternativa og slik sett på innsparingspotensialet. Å skape ein berekraftig tilbodsstruktur som gir ressurseffektive og robuste fag- og arbeidsmiljø for tilsette og fremjar sterke læringsmiljø for elevane er ei viktig målsetting i dette prosjektet, og her har ein analysert statistikk for overtal

og statistikk for tilbod som ikkje vert sett i gang. Når det gjeld konsekvensar for lokalmiljøa har ein mellom anna teke tal på arbeidsplassar inn i den generelle vurderinga.

Ei samla vurderinga av kunnskapsgrunnlaget er dermed lagt til grunn for utvalet av tiltak som vert lagt fram i denne saka. Det vil variere noko kor sentrale dei åtte vurderingskriteria over er for dei ulike tiltaka, men dei er førande for drøftingane av tiltaka i saka vidare. I saka vert dei fire skoleregionane i Møre og Romsdal: Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre brukt for å strukturere tiltaka. Metodedokumentet for elevframskrivingar gjer greie for kva kommunar som høyrer til dei ulike skoleregionane.

Det er vedtatt ein ny yrkesfagleg struktur i vidaregåande skole frå hausten 2020 som også vil påverke tilbodsstrukturen i Møre og Romsdal. Her er talet på utdanningsprogram utvida frå åtte til ti, og det vert innført fire nye utdanningsprogram. Målet med endringa er tidlegare spesialisering og samling av yrkesfagelevar som har meir fagleg til felles, og at utdanninga skal bli meir tilpassa arbeidslivets behov. I sak UD-4/19 vart det vedtatt kvar dei nye tilboda skal ligge. Den nye strukturen, med større fagvitte, vil gjere det vanskeleg for dei små skolane som ikkje har elevar nok til å kunne tilby meir enn eitt eller to programområde pr. utdanningsprogram.

Demografi og elevtalsframskriving


Sjølv om vi i denne saka har fokus på utfordringane i økonomiplanperioden 2020-23, er det likevel viktig å peike på dei meir langsiktige utfordringane den demografiske utviklinga i regionen vår vil føre med seg. Vi skal i denne omgangen tilpasse kapasiteten på kort sikt, men må samtidig huske at nedgangen i elevtal vil forsterke seg om nokre år. Nokre skoleregionar merkar denne nedgangen allereie no.

Hovudtrekk i den generelle folketalsutviklinga i Møre og Romsdal viser at folketalsveksten i perioden frå 2009 til 2019 var på 7,6 prosent, der den sterkeste veksten var i byane og dei bynære kommunane.


Nettoinnvandringa, altså tal innvandrarar minus tal utvandrarar, er den viktigaste drivaren for folketalsveksten i Møre og Romsdal. Men innvandringa har ikkje gitt vekst i heile fylket, og mot slutten av 10-års perioden er den langt lågare enn i starten. Lave fødselstal og fråflytting av unge vaksne gjer Møre og Romsdal sårbart, det blir ein mindre del yngre i befolkninga samanlikna med tidlegare, og sentraliseringa forsterkar seg fram mot 2030. Utviklinga i dei ulike skoleregionane er sterkt påverka av utviklinga i dei tre største byane, og folketaletsutviklinga i distrikta er generelt dårlegare enn i dei større byområda. Dei tre største bykommunane er åleine venta å få 66 prosent av folketalsveksten i fylket fram til 2030, sjølv om folketalet der berre utgjer om lag 45 prosent av folketalet i Møre og Romsdal i 2019. Talet på barn og unge (0-19 år) i fylket er venta å gå ned med rundt 2 600 personar frå 2019 til 2030, ein reduksjon på 4,1 prosent.

Det er nødvendig med framskrivingar av elevtal for å kunne gjere vurderingar av tilbodet av utdanningsprogram på den einskilde skole, i regionane og i fylket samla sett, og for å vurdere skolestrukturen i framtida. For den vidaregåande opplæringa er personar i aldersgruppa 16 til 18 år viktigast. I fylket samla går folketalet for aldersgruppa ned med om lag 5 prosent dei neste 20 åra, medan det i dei første åra fram til 2025 derimot er ein auke i tal 16 til 18 åringar i fylket. I *figur 1* er folketaalsframskrivingane for aldersgruppa 16 til 18 år for Møre og Romsdal inkludert Rindal og Hornindal vist, og i *figur 2* er endringane i perioden 2020 til 2040 for dei einskilde kommune illustrert. Halsa kommune blir ein del av Trøndelag frå 1.1.20, og er med i dette grunnlaget.

Figur 1: Folketaalsframskriving for aldersgruppa 16 til 18 år i løpet av året. Kjelde SSB



Figur 2: Endring i folketalsframskriving for aldersgruppa 16 til 18 år i løpet av året etter kommune. Kjelde SSB



Metodikken for elevframskrivingane er kort fortalt at det er elevane sine skoleval for 2018/2019 som er lagt til grunn. Vi reknar ut fordelinga av elevar frå kommunar til skole og studieprogram, og den same fordelinga brukast til å rekne ut elevfordelinga basert frå den einskilde kommunen kvart år fram til 2040. Framskrivinga av elevtalet for kvar einskild kommune er basert på SSB sine folketalsframskrivingar og forholdstalet mellom folketal i aldrane 16, 17 og 18 år og elevtal på høvesvis Vg1, Vg2 og Vg3.

Elevframskrivingane viser korleis dei demografiske endringane i samfunnet påverkar elevtalet på dei einskilde skolane framover i tid, gitt at ungdommen har dei same preferansane for vidaregåande opplæring som no, altstå at søkermønsteret er det same. Sidan folketalsutviklinga i byområda generelt er sterkare enn i dei mindre kommunane, vil skolane som ligg i eller nær dei største byane ha eit fortrinn. Usikkerheita i framskrivingane er naturleg nok større jo lengre fram i tid framskrivingane gjeld. I denne saka har vi der

for valt å ha hovudfokus på perioden fram til 2030.

Størst nedgang på Søre Sunnmøre og Nordmøre

Tabell 1 viser elevtalsframskrivingane etter skoleregion. I 2020 synar framskrivinga at elevtalet er 9 784 elevar på dei fylkeskommunale vidaregåande skolane i fylket. Av desse har 8 567 ungdomsrett. Talet elevar stig til 10 046 i 2025, men deretter er det eit fall til 9 381 elevar i 2030. I dei neste 10 åra fram til 2040 er det også eit fall, men det flatar litt ut til 9 278 elevar i 2040.

På Nordre Sunnmøre stig elevtalet med 18 elevar i perioden 2020 til 2030, tilsvarande 1 prosent. For skolane i Romsdal er det eit fall i talet elevar på 97, tilsvarande 4 prosent. For Søre Sunnmøre og Nordmøre er nedgangen størst, både i elevtal og relativt sett. På Søre Sunnmøre er det eit fall i elevtalet på 169 elevar, tilsvarande ein nedgang på 10 prosent. På Nordmøre er nedgangen på 154 elevar, tilsvarande 8 prosent. I tillegg kjem usikkerheit knytt til søkeringa til elevane frå Trønderkommunane Halsa (frå 1.1.20) og Rindal. Det er inngått samarbeidsavtalar med nabofylka om søkeringa for elevar i grensekommunane.

Tabell 1: Elevtalsframskriving etter skoleregion

Elevframskriving ungdomsrett					Endring 2020-2030					Elevframskriving alle rettar					Endring 2020-2030				
Skolens region	2020	2025	2030	Elevar	Prosent	Skolens region	2020	2025	2030	Elevar	Prosent	Skolens region	2020	2025	2030	Elevar	Prosent		
<i>Nordmøre</i>	1 625	1 607	1 501	-125	-8 %	<i>Nordmøre</i>	2 047	2 029	1 893	-154	-8 %	<i>Nordmøre</i>	2 047	2 029	1 893	-154	-8 %		
<i>Nordre Sunnmøre</i>	3 232	3 415	3 246	13	0 %	<i>Nordre Sunnmøre</i>	3 582	3 782	3 600	18	1 %	<i>Nordre Sunnmøre</i>	3 582	3 782	3 600	18	1 %		
<i>Romsdal</i>	2 119	2 121	2 026	-93	-4 %	<i>Romsdal</i>	2 413	2 417	2 316	-97	-4 %	<i>Romsdal</i>	2 413	2 417	2 316	-97	-4 %		
<i>Søre Sunnmøre, med Hornindal</i>	1 590	1 662	1 431	-158	-10 %	<i>Søre Sunnmøre, med Hornindal</i>	1 742	1 819	1 573	-169	-10 %	<i>Søre Sunnmøre, med Hornindal</i>	1 742	1 819	1 573	-169	-10 %		
Totalt, med Hornindal	8 567	8 805	8 204	-363	-4 %	Totalt, med Hornindal	9 784	10 046	9 381	-402	-4 %	Totalt, med Hornindal	9 784	10 046	9 381	-402	-4 %		

Ser vi på kvar av dei fire skoleregionane i fylket, så er den store linja at dei demografiske endringane har minst å seie for dei største vidaregåande skolane. Med nokre få unntak, er det dei små distriktskolanane som har størst prosentvis nedgang i elevtalet.

Tabell 2: Elevtalframskriving etter skoleregion og skole

Skolens region	Skole	Elevframskriving ungdomsrett					Endring 2020-2030					Elevframskriving alle rettar					Endring 2020-2030				
		2020	2025	2030	Elevar	Prosent	2020	2025	2030	Elevar	Prosent	2020	2025	2030	Elevar	Prosent	2020	2025	2030	Elevar	Prosent
<i>Nordmøre</i>		1 625	1 607	1 501	-125	-8 %	2 047	2 029	1 893	-154	-8 %	2 047	2 029	1 893	-154	-8 %	2 047	2 029	1 893	-154	-8 %
	<i>Kristiansund vgs.</i>	648	665	588	-60	-9 %	889	914	810	-79	-9 %	889	914	810	-79	-9 %	889	914	810	-79	-9 %
	<i>Sunndal vgs.</i>	198	173	193	-5	-2 %	269	237	263	-6	-2 %	269	237	263	-6	-2 %	269	237	263	-6	-2 %
	<i>Tingvoll vgs.</i>	107	97	88	-19	-18 %	123	113	102	-21	-17 %	123	113	102	-21	-17 %	123	113	102	-21	-17 %
	<i>Surnadal vgs.</i>	182	167	174	-7	-4 %	237	219	226	-11	-5 %	237	219	226	-11	-5 %	237	219	226	-11	-5 %
	<i>Atlanteren vgs.</i>	490	505	456	-33	-7 %	529	546	492	-37	-7 %	529	546	492	-37	-7 %	529	546	492	-37	-7 %
<i>Nordre Sunnmøre</i>		3 232	3 415	3 246	13	0 %	3 582	3 782	3 600	18	1 %	3 582	3 782	3 600	18	1 %	3 582	3 782	3 600	18	1 %
	<i>Borgund vgs.</i>	707	753	709	2	0 %	834	886	838	4	1 %	834	886	838	4	1 %	834	886	838	4	1 %
	<i>Haram vgs.</i>	275	274	259	-16	-6 %	305	304	288	-17	-6 %	305	304	288	-17	-6 %	305	304	288	-17	-6 %
	<i>Sykkylven vgs.</i>	191	188	166	-25	-13 %	218	215	191	-27	-12 %	218	215	191	-27	-12 %	218	215	191	-27	-12 %
	<i>Fagerlia vgs.</i>	787	839	805	18	2 %	850	906	871	21	2 %	850	906	871	21	2 %	850	906	871	21	2 %
	<i>Stranda vgs.</i>	150	141	119	-30	-20 %	164	156	132	-32	-20 %	164	156	132	-32	-20 %	164	156	132	-32	-20 %
	<i>Ålesund vgs.</i>	661	721	702	41	6 %	724	788	766	43	6 %	724	788	766	43	6 %	724	788	766	43	6 %
	<i>Spjelkavik vgs.</i>	461	498	486	25	5 %	489	528	515	26	5 %	489	528	515	26	5 %	489	528	515	26	5 %
<i>Romsdal</i>		2 119	2 121	2 026	-93	-4 %	2 413	2 417	2 316	-97	-4 %	2 413	2 417	2 316	-97	-4 %	2 413	2 417	2 316	-97	-4 %
	<i>Fræna vgs.</i>	320	312	293	-27	-8 %	359	350	331	-28	-8 %	359	350	331	-28	-8 %	359	350	331	-28	-8 %
	<i>Romsdal vgs.</i>	751	758	710	-41	-6 %	857	865	815	-41	-5 %	857	865	815	-41	-5 %	857	865	815	-41	-5 %
	<i>Rauma vgs.</i>	155	141	139	-16	-10 %	187	172	170	-17	-9 %	187	172	170	-17	-9 %	187	172	170	-17	-9 %
	<i>Fannefjord vgs.</i>	56	57	53	-3	-6 %	67	68	64	-2	-4 %	67	68	64	-2	-4 %	67	68	64	-2	-4 %
	<i>Molde vgs.</i>	738	757	742	4	1 %	798	819	802	4	1 %	798	819	802	4	1 %	798	819	802	4	1 %
	<i>Gjermundnes vgs.</i>	99	96	89	-10	-10 %	146	143	134	-12	-8 %	146	143	134	-12	-8 %	146	143	134	-12	-8 %
<i>Søre Sunnmøre</i>		1 590	1 662	1 431	-158	-10 %	1 742	1 819	1 573	-169	-10 %	1 742	1 819	1 573	-169	-10 %	1 742	1 819	1 573	-169	-10 %
	<i>Herøy vgs.</i>	241	233	207	-34	-14 %	261	253	225	-36	-14 %	261	253	225	-36	-14 %	261	253	225	-36	-14 %
	<i>Ørsta vgs.</i>	310	359	288	-22	-7 %	336	389	313	-23	-7 %	336	389	313	-23	-7 %	336	389	313	-23	-7 %
	<i>Ulstein vgs.</i>	515	507	458	-57	-11 %	573	563	511	-62	-11 %	573	563	511	-62	-11 %	573	563	511	-62	-11 %
	<i>Volda vgs.</i>	496	544	461	-35	-7 %	538	589	502	-36	-7 %	538	589	502	-36	-7 %	538	589	502	-36	-7 %
	<i>Herøy vgs, avd. Vanylven</i>	28	20	17	-11	-38 %	34	25	21	-13	-38 %	34	25	21	-13	-38 %	34	25	21	-13	-38 %
Totalt, med Hornindal		8 567	8 805	8 204	-363	-4 %	9 784	10 046	9 381	-402	-4 %	9 784	10 046	9 381	-402	-4 %	9 784	10 046	9 381	-402	-4 %

Generelle prioriteringar og vurderingar

I denne saka vert det lagt fram tiltak gruppert etter ei prioritert rekkefølge (sjå vedlegg 1), der det har vore eit mål å så langt som mogeleg bevare dagens skolestruktur.

Tiltaka er gruppert slik:

1. Administrative ordningar
2. Dyre tilbod
3. Tiltak som vil fylle opp klasser og samle tilboda på færre skolar
4. Administrativ samanslåing av skolar
5. Legge ned/slå saman skolar – ikkje prioriterte tiltak

Dersom ein ikkje kjem i mål i forhold til innsparingskravet med tiltak på dei første punkta, må ein altså vurdere skolestrukturen. Men det er viktig å påpeike at konsekvensane er store også ved omstilling av tilbodsstrukturen, ikkje berre ved skolenedlegging. I prioriteringa av tiltak ligg det også at ein har forsøkt å finne tiltak som rammar elevane og kvalitetene i opplæringa deira i minst mogeleg grad.

Utfordringar med ein desentralisert skolestruktur

Møre og Romsdal har prioritert å ha ein desentralisert skolestruktur, der ei av dei overordna målsetjingane har vore at færrest mogeleg skal måtte flytte på hybel på vidaregåande skole, men dette medfører oppretting av mange små klasser dersom elevane skal kunne velje mellom ulike studieprogram. I tillegg til at det er kostbart, får ein små fagmiljø som er sårbar for endringar i elevsøkinga og dermed usikre for dei tilsette. Den

demografiske utviklinga dei neste åra vil forsterke dette, og kan aleine bety at det blir nødvendig å gjere endringar i tilbodsstrukturen. Det å ikkje gjere noko med skolestrukturen har også konsekvensar, fordi det vil føre til auka behov for investeringar relaterte til skolebygg som vil påverke fylkeskommunens økonomi: *Her ligg det inne behov for nybygg/rehabilitering tilsvarande 1,6 mrd. kr. Tilsvarande ei auke i driftskostnadane på om lag 67 mill. kr/år (Vedlegg 2).*

Den største utfordringa i skolestrukturen er å ha store og robuste fag- og læringsmiljø og samstundes oppretthalde små tilbod på små skolar slik at elevar ikkje må reise for langt for å gå på skole. Kort reisetid og store fagmiljø er berre mogeleg å kombinere i dei mest folkerike delane av fylket. Skolar i distrikta vil uansett ikkje kunne ha alle fagtilbod. Men skolen er ein viktig ressurs for lokalsamfunnet, ikkje berre fordi den betyr arbeidsplassar i kommunen. Den vidaregåande skolen knyter ungdom til distriket, noko som kan vise seg å vere svært viktig med tanke på busetting etter fullført utdanning. Lengre skoleveg fører ofte til at ungdom må flytte på hybel, og bygdene vert på denne måten tappa for ungdom. Dette kan føre til mindre deltaking i lokalt samfunnsliv og kulturaktivitet, noko som er uheldig med tanke på det lokale oppvekstmiljøet i bygdene. Til lenger unna bysentrum desse skolane ligg, til større konsekvensar kan det også få for kommunane å miste desse arbeidsplassane, då pendleavstanden kan bli så lang at arbeidstakarane heller vel å flytte. Fylkeskommunen ser at skolen på mange måtar er ein viktig aktør i lokalsamfunnet, men primæroppgåva til skolen er likevel opplæring.

Mobilitet

Vi har sett på forslag om flytting av tilbod frå byskolane til distrikta for å styrke distriktskolane, men dette viser seg å vere vanskeleg. Ein skulle tru at det er like langt frå distrikt og inn til sentrum som omvendt, men søkeratala viser at det ikkje er slik. Det er langt fleire elevar frå distrikta som søker til sentrumsskolane enn omvendt, også når ein analyserer elevane sine 2.ønske. Til dømes søker 40% av 10.klassingane frå Tingvoll kommune i 19/20 til andre skolar enn Tingvoll vgs. Årsaker til dette kan sjølv sagt vere at elevane søker studietilbod dei ikkje finn ved distriktskolane (smale utdanningsprogram, programområde og større breidde i programfagtilboden), men også at dei søker større sosiale miljø, større breidde i aktivitetar m.m., som gjer at byane er meir attraktive enn distrikta. Analyse av søkeratala viser at geografi trumfer tilbod, altså at lokalisinga er viktigare for elevane enn sjølv tilboden, når ein ser på den store søkermassen. Avstandar, manglande fastlandsforbindinger og kommunikasjonstilbod har stor innverknad på dei vala ungdommene tar. Men det viser seg også at byelevane er mykje mindre mobile enn elevar frå distrikta, slik at dei i større grad vel andre tilbod i byen dersom dei ikkje kjem inn på sitt førsteønske framfor å reise ut av byen for å få gå på tilboden dei ønsker. Ved å flytte tilbod frå ein byskole til ein distriktskole, er det då stor risiko for at elevane ikkje vil følgje med. Når linjer vert lagt ned, uavhengig av om det er i byen eller i distrikta, er det alltid ein fare for å miste fagkompetanse på det feltet, fordi elevane då kan komme til å velje andre tilbod lokalt.

Oppsummering

Det er viktig å få fram at alle tiltaka får konsekvensar, og det er gode argument for å behalde alt det blir foreslått å kutte i. Målet i dette arbeidet har vore å finne dei tiltaka som gir mest effekt med minst skadeverknad både for elevane og dei tilsette, og samstundes ha fokus på at tilboden og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa samla sett i Møre og Romsdal skal vere best mogeleg. Vi skal ha relevante og framtidsretta tilbod som bidreg i rekrutteringa til lokal og regional arbeidskraft. Kvaliteten i opplæringa skal vere like god på alle skolane i fylket, og det blir svært viktig for regionen vår å oppretthalde den gode gjennomføringa for elevar og lærlingar gjennom satsing på gode læringsmiljø og god tilpassa opplæring. Det er derfor viktig at reduksjonen i driftsnivå skjer gjennom målretta tiltak, ikkje gjennom generelle kutt i budsjetta til alle skolane, då det er det som vil ramme kvaliteten i opplæringa til elevane hardast.

Endringar vil få konsekvensar for tilsette, men fylkeskommunen sine interne prosedyrar og arbeidstakarane sine rettar vil bli følgd ved handtering av endring i arbeidsoppgåver, arbeidsstad, overtalege osb. I verdigrunnlaget til fylkeskommunen ligg det å vere ein føreseieleg arbeidsgivar for dei tilsette. Møre og Romsdal fylkeskommune skal ha ein god personalpolitikk som tek godt vare på dei tilsette. Det blir derfor viktig å lage gode planar for gjennomføring av dei ulike tiltaka og å bruke nødvendig tid på omstillinga.

Tiltaksområde 1: ADMINISTRATIVE ORDNINGAR

Eit overordna omsyn her har vore å behandle skolane og dei fire skoleregionane likt.

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
1	Ikkje tilby PC-stipend	2	2	2	2
1	Redusert administrasjon utdanningsavdelinga	2	2	3	3
1	Trekke inn ekstramiddel forskerlinja Fagerlia vgs	0,3	0,6	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramiddel toppidrett Volda vgs	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramiddel idrettsfag Stranda vgs	0,3	1	1,7	2,1
1	Ålesund vgs ikkje tilby Entreprenørskap	0,1	0,3	0,5	0,7
1	Trekke inn ekstramiddel entreprenørskap Atlanten vgs	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Seie opp avtalen med Tøndergård skole- og ressurssenter	2,1	2,1	5,2	5,2
Sum tiltaksområde 1		7,2	8,8	14,2	14,8

Ta bort PC-stipend

I samband med at alle elevane vart omfatta av ordninga med gratis læremiddel frå skoleåret 2009/2010 (Opplæringslova §3.1) blei det i sak Ud-20/09 i 2009 fatta vedtak om at «dei som har eigen berbar PC med spesifikasjoner svarande til minst dei krava som vert sett til grunnmodellen i rammeavtalen, får eit like stort tilskot frå fylket som dei elevane som kjøper PC innafor rammeavtalen.»

I samsvar med vedtaket har derfor vg1-elevane ved fylkeskommunens skolar fått tilbod om tilskot på 2500 kroner for å sjølv halde seg med PC. Beløpet vart rekna ut frå eigendelen elevane måtte betale for ein fylkeskommunal skole-pc. Møre og Romsdal er det einast fylket som har ei slik ordning med PC-stipend i dag. Dagens PC-ordning betyr at elevane kan velje mellom å kjøpe ein fylkeskommunal PC mot å betale ein eigendel kvart år i tre år (for skoleåret 2019 er eigendelen 1051 kroner), eller få eit tilskot frå Fylkeskommunen på 2500 kroner til kjøp av eigen PC.

Hausten 2019 er det tatt inn 3739 elevar til vg1. Av desse har 1500 valt PC frå fylkeskommunen, medan om lag 2000 får utbetalt tilskot til kjøp av eigen PC. Når elevane vel PC frå fylkeskommunen har vi ei netto utgift på 1500 kroner, altså 1000 kr mindre pr. elev samanlikna med tilskotet på 2500 kroner. Dette utgjer ei årleg innsparing på 2 millionar kroner.

I sak UD-48/17 vart det vist til at det er ønskeleg at fleire elevar mottar PC frå fylkeskommunen i staden for å halde seg med PC sjølv, med bakgrunn i evalueringsmøter med dei vidaregående skolane om PC-ordninga. PC-en som vert tilbydd er godt eigna til skolebruk, og skolane har erfart at elevane er godt nøgde med ordninga. Elevane får ein PC til ein gunstig pris der service, garanti og forsikring inngår i avtalen. Om elevane vel å kjøpe datamaskin sjølv er det vanskeleg å oppnå like gode vilkår, og mange let vere å forsikre den. Dersom PC-en då vert øydelagt risikerer ein at nokre elevar ikkje har høve til å reparere den eller å kjøpe ny. Skolane melder også om at fleire elevar som vel å halde seg med PC sjølv utsett innkjøpet til dei får utbetalt tilskotet, noko som skapar vanskar i undervisninga.

Vi foreslår derfor at ordninga med å tilby elevar tilskot til kjøp av eigen PC vert avslutta. Dei elevane som sjølv vil halde seg med PC kan fortsatt få høve til det, men dei vil ikkje få tilskot frå fylkeskommunen til dette. Elles held ordninga med fylkeskommunale PC-ar fram som før.

Redusert administrasjon utdanningsavdelinga

Ny teknologi, effektivisering og endringar i arbeidsoppgåver, i tillegg til samhandling mellom dei ulike seksjonane på utdanningsavdelinga, gjer at ein kan redusere den totale ressursen noko. Det er lagt ein plan for dette, og reduksjonen vil skje ved naturleg avgang. Utdanningsavdelinga tek seg av sentrale lovpålagde

oppgåver for skolane som skoleeigar, og her er det ein balansegang mellom krav til innsparingar i administrasjonen og å ikkje gjere tiltak som vil føre til mykje meir arbeid og dermed auka kostnadene for skolane.

Seie opp avtalen med Tøndergård skole og ressursenter

Tøndergård skole og ressursenter (TSR) er ein interkommunal spesialskole i Molde for elevgruppa frå første til tiande klasse i grunnskolen. Fylkeskommunen kjøper tenester til opplæring for elevar i vidaregåande alder. Avtalen vart fornya i 2019 med eit tenestekjøp på inntil 10 elevplassar.

Skoleåret 16/17 var det 3 søkerar og alle fekk plass. I 17/18 var det 8 søkerar der 7 fekk plass. Skoleåret 18/19 var det 7 som søkte, og 1 elev fekk plass i kombinasjon med eit tilbod på Romsdal vgs. Skoleåret 19/20 var det 8 søkerar, av dei fekk 1 plass i det ordinære inntaket, og 2 elevar fekk i tillegg plass etter klagehandsaming i klagenemnda. I tillegg kjem elevane som går på vg2 og Vg3, slik at fylkeskommunen skoleåret 19/20 har eit tenestekjøp frå Tøndergård skole- og ressursenter på 12,6 elevplassar.

Inneverande skoleår har vi altså kjøpt plass til 13 elevar i vidaregåande alder ved TSR (ingen internatplasser). Elevane kjem frå desse kommunane: Molde (5), Nesset (1), Vestnes (2), Sunndal (1), Fræna (1), Tingvoll (1), Smøla (1), Norddal (1). Dette er altså ikkje reelt sett eit tilbod for heile fylket, og det finst ikkje tilsvarande tilbod i dei andre skoleregionane.

Brutto utgifter for kjøp av tenester frå Tøndergård skole- og ressursenter var for 2016/17 18,8 mill. (20 elevplassar), 2017/18: 18,8 mill. (17 elevplassar), 2018/19: 16,7 mill. (14 elevplassar). Fram til hausten 2019 inkluderer utgiftene kjøp av internatplassar. Ved å gi tilbod til desse elevane ved dei fylkeskommunale vidaregåande skolane vil vi få ei netto innsparing på 5,2 mill. i 2023.

I saksframlegget til sak Ud-2/19 vurderte fylkesutdanningssjefen tenestebehovet slik:

«Etter ei samla vurdering av søkera dei siste åra og vurdering av kapasitet og kompetanse til dei fylkeskommunale vidaregåande skolane, er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkeskommunen ikkje lenger har trong for å kjøpe opplæringstenester ved TSR. Vurderinga er tvert imot at vi gjennom å gje eit opplæringstilbod i eigne skolar vil gje elevane eit minst like godt tilbod som fylkeskommunen i dag tilbyr ved TSR.»

Det har lenge hatt høg prioritet å legge til rette for at vi skal kunne tilby vidaregående opplæring for *alle* elevar ved skolane våre. På bakgrunn av dette er fleire skolar rusta opp både kompetanse- og bygningsmessig nattopp for å ivareta elevar med særskilte behov. Dei fleste elevane som er aktuelle for Tøndergård skole- og ressursenter er frå Romsdalsregionen. Skolane i regionen er både når det gjeld lokalitetar og kompetanse budde på å ta i mot elevgruppa. Mellom anna er det bygd opp ei kvalitetsmessig god avdeling for tilpassa opplæring ved Romsdal vidaregåande skole. Avdelinga er fysisk tilrettelagt med alle fasilitetar som er godt tilpassa alle med særskilte behov. I tillegg har skolane våre ei unik moglegheit til å inkludere elevgruppa med dei andre elevane på skolen. Den økonomiske situasjonen vi er i no gjer at vi ikkje kan halde fram med å kjøpe tenester slik vi har gjort til no og samtidig oppretthalde dei sterke kompetansemiljøa vi har bygd opp.

Dette tiltaket inneber at avtalen med TSR blir avslutta når avtalen går ut, men at elevane som har starta på eit vidaregåande løp der får avslutte det. I utrekninga av innsparing er det gjort eit overslag over kor mange elevar som vil få innvilga eit 4. og 5. år basert på erfaringar frå tidlegare.

Trekke inn ekstra tilskot til enkelte skolar

Dette gjeld ekstra tilskot til toppidrett Volda vgs, idrettsfag Stranda vgs, entreprenørskap Atlanten vgs og teknologi- og forskingslære Fagerlia vgs.

Fylkesutdanningssjefen har dei siste åra arbeidd for å fjerne spesielle tilskotsordningar som nokre skoler har fått grunna ulike årsaker og vedtak. Dette blir gjort for at skolane skal ha så like vilkår som mogeleg i si drift og ikkje ha konkurransefortrinn fram for andre skolar. Det vil seie at det blir budsjettet like inntekter på like

utdanningsprogram på skolane. Ein har til no ikkje kome heilt i mål med dette arbeidet, då det krev omstilling for dei skolane som mister ekstratilskotet sitt.

No er det fire skolar som framleis har nokre ekstra tilskot, medan andre skolar med same utdanningsprogram ikkje har desse ordningane, og desse blir føreslått tatt bort i dette tiltaket. Konsekvensar av dette tiltaket kan vere at det blir færre programfag å velje mellom for elevane på studiespesialisering.

Tiltaksområde 2: REDUKSJON I DYRE TILBOD

Generelle vurderingar

Det er stor forskjell på kva dei ulike tilboda kostar pr. elev. Dyre tilbod gjer at det blir færre ressursar å fordele på resten av elevane. I ein vanskeleg økonomisk situasjon må ein vurdere å ta bort tilbod der elevane har gode alternativ som gir dei same mogelegheitene for vidare studie. I andre tilfelle er forslaget å redusere omfanget av dei dyre tilboda, slik at vi tilbyr færre elevplassar på desse utdanningsprogramma/programområda. Dess breiare «vifte» av tilbod og større valfridom elevane har, dess fleire små klasser og dyrare utdanningstilbod får vi. Samstundes kan stor valfridom vere viktig for motivasjon og dermed vere ein viktig faktor i å auke gjennomføringa til elevane.

For Musikk, dans og drama og International Baccalaureate (IB) er det i utrekninga av innsparing teke med flytting av elevane til andre utdanningsprogram, medan det for dei andre tiltaka blir ein reduksjon i elevtalskapasitet.

Tiltaksområde	Tiltak				
2	Redusere klassetal på Musikk, dans og drama	2,7	10,3	15,3	18,4
2	Ikkje tilby YSK-utdanning (Fræna vgs, Ulstein vgs, Haram vgs, Kr.sund vgs, Ålesund vgs)	2	6,9	11,7	15,8
2	Ikkje tilby vg2 i Skottland	0,6	1,5	1,5	1,5
2	Ikkje tilby IB-linje Spjelkavik vgs	1,1	4	5,7	5,7
2	Trekke inn ekstramiddel til vg3 språkopplæring		1,7	1,7	1,7
Sum tiltaksområde 2		6,4	24,4	35,9	43,1

Redusere klassetal MD (Musikk, dans og drama)

Det er gjort følgande overslag over om lag kor mange færre elevar som ville fått tilbod ved kvar av skolane ved å omlag halvere tilboden, dersom elevtalet er som i skoleåret 2019/20:

- Volda vgs skal ha $\frac{1}{2}$ klasse pr. nivå. Reduksjon: 40 elevar
- Fagerlia vgs skal ha 1 klasse pr. nivå. Reduksjon: 60 elevar
- Molde vgs skal ha $\frac{1}{2}$ klasse pr. nivå. Reduksjon: 35 elevar
- Atlanten vgs skal ha $\frac{1}{2}$ klasse pr. nivå. Reduksjon: 25 elevar

Musikk, dans og drama er eit studieførebuande tilbod på Atlanten, Molde, Fagerlia og Volda vgs. Elevane får studiekompetanse og samstundes dyrke interessene og talenta sine i faga dei har. Opplæring innan eige interessefelt skaper motivasjon og mestring. Desse elevane er ofte aktive i lokalt kulturliv, og sjølv om ikkje alle blir yrkesutøvande innan dette feltet, får dei utvikle evner som kan vere svært nyttige i frivillig verksemd.

Dette tilboden er nesten tre gangar så dyrt som Studiespesialisering som følgje av mykje einetimar, t.d. i programfaget musikk. Tiltaket går ut på å redusere talet på elevplassar på dette utdanningsprogrammet. Ein slik reduksjon av plassar vil skape auka konkurransen om plassane, noko som kan gå ut over elevar med svakare karakterar, men likevel gode evne innan fagområdet. Dette kan motverkast gjennom kvoter for elevar som kvalifiserer seg gjennom prøvespel.

Fagerlia og Molde har avtalar med dei lokale kommunale kulturskolane for leige av personale og lokale, medan Volda og Atlanten i hovudsak bruker eigne tilsette lærarar og lokale. Tiltaket kan også redusere behovet for å leige øvingsrom og andre spesiallokale. For Volda og Atlanten vgs kan det også redusere eit framtidig utbyggingsbehov noko.

På bakgrunn av 2.ønska til elevane som har søkt MD har ein vurdert om tiltaket vil ha konsekvensar for tilbodsstrukturen. Ved Volda vgs vil dei fleste elevane (71%) söke andre tilbod ved skolen. 13% vil söke MD ved Fagerlia vgs, medan resten (16%) vil fordele seg på dei andre skolane i regionen. I Ålesund har 44% valt andre tilbod ved Fagerlia vgs, medan resten i all hovudsak fordelar seg ut over på dei andre skolane i byen. I Molde har 70% valt andre tilbod ved Molde vgs, medan resten fordelar seg ut over på mange skolar. Av MD-elevane på Atlanten har 57% valt andre studieførebuande program i Kristiansund, der dei fordelar seg likt mellom dei to skolane. 36% har valt yrkesfag ved Kristiansund vgs.

Det er vanskeleg å sjå korleis denne omfordelinga til andre utdanningsprogram vil slå konkret ut i kvar av regionane, men med unntak av Nordmøre ser vi at mange av elevane har same skole også som 2.ønske og at mange av dei ønsker eit anna studieførebuande program.

For Atlanten vgs sin del har fylkesrådmannen avgjort at tiltaket må sjåast i samanheng med andre utviklingstiltak fylkeskommunen har sett i gang i Kristiansund. Fleire byggeprosjekt knytt til kulturområdet blir ferdigstilt dei nærmaste åra, t.d. Campus Kristiansund, Kulturfabrikken, nytt opera og kulturhus og regionalt dansesenter. Det blir også arbeidd for å etablere høgare utdanning på kulturområdet ved Campus Kristiansund. Viser her også til eiga sak som blir lagt fram for Fylkesutvalet og Fylkestinget om «Korleis kan regionreforma med fleire ansvarsområde og nye arbeidsplassar skape utvikling i heile fylket». Det er derfor ekstra vanskeleg å redusere talet på elevplassar på MD i denne regionen, og fylkesrådmannen vel å ikkje ta det med i innstillinga.

Ein reknar med at innsparinga for dette tiltaket vert 5,2 mill. mindre i 2023 ved at Atlanten vgs ikkje blir tatt med. Dette er justert i tabellen.

Ikkje tilby YSK (yrkes- og studiekompetanse)

Tiltaket vil omfatte følgjande skolar og tilbod (elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar. Totalt 196 elevar på alle 4 år):

- Ulstein vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon - 32 elevar
- Ålesund vgs, YSK/Service og samferdsel – 37 elevar
- Haram vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag – 46 elevar
- Fræna vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon og Bygg- og anleggsteknikk – 44 elevar (Inkluderer elevar som går 4.år ved Romsdal vgs)
- Kristiansund vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon(Kjemiprosess og Industriteknologi) – 37 elevar

YSK (tidlegare «tekniske- og allmenne fag, TAF») gir elevane studiekompetanse samstundes som dei også får fagbrev. Føremålet når tilboden vart oppretta som ei forsøksordning i 1992, var å få fleire unge til å velje ingeniørutdanning etter vidaregåande skole, og ein ville stimulere til dette ved å lage ei ordning der elevane etter ei 4-årig vidaregåande opplæring kunne oppnå både fagbrev og spesiell studiekompetanse. Dette er ein kompetanse som arbeidslivet etterspør.

Eit slikt tilbod kan vere motiverande for elevar som skolefagleg presterer høgt. Dei kan då få full fordjuping i realfag samstundes som dei får praktisk erfaring gjennom utplassering i verksemder, noko som gjer dei godt kvalifiserte til vidare studiar. Utdanninga er krevjande, og ein bør ha eit godt teoretisk grunnlag frå ungdomsskulen. Derfor er det lagt inn krav om karakteren 4 eller betre i både naturfag og matematikk frå grunnskulen ved opptak til dette utdanningsprogrammet, unntatt på Service og samferdsel, der det er krav om 3,5 i snitt frå grunnskulen.

For nokre skolar, som Fræna og Haram, kan det å ta bort YSK-tilbodet svekke realfagsmiljøa ved skolane. Det kan her vere aktuelt å utvide talet på studiespesialiseringklasser for å kompensere for dette. Dette er uansett aktuelt sidan om lag halvparten av YSK-søkarane har studiespesialisering som 2.val. Av om lag 100 elevar som søker på YSK, er det i 2019 50 prosent som har studiespesialisering som sekundærval, 40 prosent har

yrkesfaglege programområde, og 10 prosent har YSK på ein annan skole som 2.val. Om lag 60 prosent av vg1-søkarane hadde tilbod ved same skole som 2.val, og statistikken viser at om lag halvparten av søkerane er frå kommunen skolen er lokalisert i, noko som viser at dersom ein tek bort dette tilbodet, vil desse elevane vere med å styrke dei andre tilboda ved heimskolen.

Hovudargumenta for å legge fram dette tiltaket er at dei fleste av desse elevane går vidare på høgare studie (t.d. ingeniør/sivilingeniør), og den dobbeltkompetansen YSK-elevane får i dag kan dei også få på andre måtar (t.d. ved å ta fagbrev først og så påbygg, forkurs eller Y-vegen). Møre og Romsdal har også andre alternativ som kombinerer yrkesfaglege utdanningsprogram (t.d. innan elektro, teknikk og industriell produksjon) med studiespesialisering.

I tillegg tek desse elevane opp læreplassar frå ordinære yrkesfagelevar og bruker læreplassar sjølv om dei alle fleste altså ikkje blir fagarbeidrarar. YSK-ordninga tappar også yrkesfaga for ein del fagleg sterke elevar.

Dette er altså eit svært godt tilbod til desse elevane, men det er dyrt for fylkeskommunen, og elevane kan oppnå denne kompetansen gjennom andre tilbod.

Ikkje tilby vg2 i Skottland

Elevar ved 2.inntak, alle rettar:

- 2019/20: 15 elevar
- 2018/19: 14 elevar
- 2017/18: 16 elevar

Internasjonal vidaregåande skule er eit av undervisningstilboda til Møre og Romsdal fylkeskommune på Vg2-nivå, og kan søkjast av alle elevar busett i Noreg. Føresetnaden er at søkerane er Vg1-elevar på utdanningsprogram for studiespesialisering. Elevar som nyttar seg av denne ordninga, vil gjennomføre den vidaregående utdanninga si på dei vanlege tre åra, samstundes som dei får internasjonal studieerfaring. Dette er det einaste internasjonale tilbodet Møre og Romsdal fylkeskommune har som går over eit heilt år. Haram vgs administrerer ordninga, og elevane får konsentrert undervisning nokre dagar i løpet av året i Skottland.

Tilboden har ein kapasitet på 16 elevar. Dette er eit dyrt tilbod, og det finst andre alternativ for elevar som ønsker eit år i utlandet. Ein har ikkje fylt opp kapasiteten dei siste to åra.

Ikkje tilby IB-linja Spjelkavik vgs

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar: totalt 33 elevar, fordelt slik:

- IB Vg1 – 17 elevar
- IB Vg2 – 9 elevar
- IB Vg3 – 7 elevar

IB (International Baccalaureate) Diploma Programme er toårig og går over Vg2 og Vg3. Den bygger på Vg1 frå studieforberedende program eller tilsvarande frå utlandet, og undervisning og lærebøker er på engelsk. Søkinga har vore svak dei siste åra og det vart i skoleåret 19-20 også starta ei førebuande IB-linje på vg1 som eit tiltak for å auke rekrutteringa. Den nystarta vg1-klassa har 17 elevar.

Dette er eit dobbelt så dyrt tilbod som studiespesialisering på grunn av ekstra timeressursar, i tillegg til at kostnaden bli ekstra høg pr. elev sidan klassene ikkje blir fylt opp. Tilboden krev også ei halv administrativ stilling som kan sparast inn frå 2022 når vg3-tilboden er avslutta.

Tiltaket vil opne for at ein i staden for halvfulle IB-klasser kan fylle opp heile studieførebuande klasser, og nettoeffekten ville med same elevtal som i 2019/2020, vere å gje plass til 57 elevar ekstra ved Spjelkavik vgs.

Ta bort ekstra middel til framandspråk, nivå 3

For at ikkje berre dei største skolane skal kunne gje eit tilbod til elevar som ønskjer full fordjuping i språkfag vart det i sak UD-10/12 løyvd 1,3 millionar kroner for å tilby fordjuping i fransk, spansk og tysk. Ordninga har

vore administrert av Fagerlia og Molde vgs. Løyvinga skulle og dekke utgifter til undervisning i kinesisk (ved Molde vgs og Ålesund vgs). Frå skoleåret 2019 finansierer skolane sjølv undervisninga i kinesisk.

Talet på elevar som har vore omfatta av ordninga har variert. For skoleåret 2018/19 omfatta ordninga 91 elevar. Elevane fordelte seg slik:

	Fransk nivå III	Spansk nivå III	Tysk nivå III	Tal elevar
Atlanten vidaregåande skole		6	3	9
Fagerlia vidaregåande skole	5	8	7	20
Haram vidaregåande skole		1	1	2
Molde vidaregåande skole		9	5	14
Rauma vidaregåande skole				-
Spjelkavik vidaregåande skole	3	6	6	15
Stranda vidaregåande skole		4		4
Sunndal vidaregåande skole				-
Surnadal vidaregåande skole			1	1
Sykylven vidaregåande skole		7	5	12
Ulstein vidaregåande skole		1	4	5
Volda vidaregåande skole			6	6
Ålesund vidaregåande skole	1		2	3
Total	9	42	40	91

Rekneskapsåret 2018 vart det brukt om lag 2 mill. på ordninga, og då er ikkje utgifter til kinesisk medrekna. Det vil seie ei utgift pr. elev på om lag 22 000 kroner. Dette for eit fag som omfattar fem undervisningstimar pr. veke. Reknar ein dette om til utgift pr. elev pr. år vert utgifta 133 000 kroner. Kostratala for 2018 viser at ein studiespesialiseringselev i snitt kostar om lag 73 000 kroner i Møre og Romsdal.

Tiltaksområde 3: FYLLE OPP KLASSE OG SAMLE TILBODA PÅ FÆRRE SKOLAR

Generelle vurderingar

Tilbodsstruktur

Sidan eit mål i dette arbeidet har vore å så langt som mogeleg bevare skolestrukturen, må ein sjå på fordelinga av tilbod mellom skolane. Med bakgrunn i den demografiske utviklinga vi viste til tidlegare i saka i tillegg til sokkartala, ser ein at det blir nødvendig å gjere endringar. Ved å behalde dagens tilbodsstruktur vil det vere mange skolar som får mange små klasser, små og sårbare fagmiljø og stor usikkerheit kvart år rundt kva tilbod som vil bli starta opp. Endringa i yrkesfagleg struktur vil som tidlegare vist forsterke dette. Ikkje alle skolar kan tilby alt. Når tilboda vert for små vil ei samling på enkelte skolar kunne gjere dei meir levedyktige. Vi må også ha fokus på kvaliteten i undervisninga og utviklingsmogelegheiter for lærarane gjennom gode fagmiljø.

Arbeidslivet sitt behov for kompetanse

Fylket skal, samla sett, utdanne til den kompetansen offentleg tenesteyting og privat næringsliv har for arbeidskraft og kompetanse i regionen. Men det er også teke omsyn til at distriktskolar får ha dei tilboda som er mest aktuelle lokalt. For å klare dette må fylkeskommunen gjere prioriteringar, avgrensa av den økonomiske ramma, for mellom anna kva fagtilbod som skal etablerast ved dei einskilde skolane og storleiken på fagtilboda. Vidare skal fagtilboda vere tilgjengelege for flest mogeleg elevar i fylket. Det er heller ikkje alltid slik at det er samsvar mellom behovet for arbeidskraft og elevane si søkering. Dette er eit viktig dilemma i dimensjoneringa av elevplassar på dei ulike tilboda, og det er viktig at det er eit best mogeleg samsvar mellom elevplassar og t.d. tal på lærepllassar. Ikkje alle tiltaka gjeld derfor tilbod som er svakt søker, men her handlar det også om å dimensjonere tilboden etter behova i arbeidslivet og få eit godt heilskapleg tilbod i heile fylket.

Eit døme på dette er Barne- og ungdomsarbeidarfraget, der konsekvensane av lovendringa i barnehagens bemanningsnorm §18 Grunnbemanning kan medføre at talet på lærepllassar vert redusert. Dette som ein konsekvens av at lærlingar ikkje skal teljast med i grunnbemanninga og dermed vil utløyse ekstra kostnadar for lærebedrifta. Det har i mange år no vore nødvendig å opprette vg3 i skole både på barne- og ungdomsarbeidarfrag og helsearbeidarfrag fordi det ikkje er nok lærepllassar i fylket sjølv om etterspurnaden etter fagarbeidarar, særleg innanfor helsearbeidarfrag, er stor.

Ein kan ikkje sjå på målet om å tilfredsstille arbeidslivet sine behov for kompetanse isolert sett for alle skolar og områder av fylket. Det går an å ha lærepllass lokalt sjølv om ein går på skole ein annan stad. Av dagens 35 kommunar i fylket er det berre vidaregåande skolar i 17, men vi finn lærepllassar både i privat og offentleg sektor i dei fleste kommunane. Samarbeidet mellom skole og lærebedrifter er uavhengig av kommunegrensene, sjølv om samarbeidet naturleg nok er enklare når avstanden er kort.

Reiseavstandar

Det er dessverre slik at nokre elevar får lengre reisetid og nokre fleire elevar må bo på hybel dersom ein skal få gjort noko med tilbodsstrukturen. Målsettinga om at det samla sett skal vere færrest mogeleg som får ei slik belastning står likevel fast. Håpet må vere at gode familiør og gode lokale veg opp for desse ulempene. Målet er framleis at dei fleste elevane skal kunne bo heime lengst mogeleg, men dette er allereie i dag vanskeleg å oppfylle i mindre kommunar med lang veg til vidaregåande skole.

Fritt skoleval

I dag er det opp til fylkeskommunane å bestemme om inntaket til vidaregåande opplæring skal gjennomførast ved fritt skoleval i hele fylket, innanfor fastsette inntaksområde eller inntak etter nærskoleprinsippet. Møre og Romsdal har fritt skoleval, noko som betyr at elevane i prinsippet kan søke på den skolen dei vil innanfor fylkesgrensa uavhengig av kvar dei bor eller kvar skolen ligg. Karakterane avgjer kva skole dei blir tatt inn på. Andre fylke praktiserer nærskoleprinsippet, som betyr at bustad avgjer kva vidaregåande skolar elevane kan søke på. I dag er det ni fylke som praktiserer fritt skoleval i heile fylket, fem som har fritt skoleval innanfor fastsette inntaksområde, og fire som har inntak etter nærskoleprinsippet.

Ved inntak skal søkerar normalt sette opp tre utdanningsprogram dei ønsker seg til. I tillegg er det vanleg at søkerane også fører opp kva skolar dei ønsker å gå på. Elevar med ungdomsrett skal komme inn på eitt av sine ønske om utdanningsprogram, men det betyr ikkje at dei har rett til å komme inn på den skolen dei har sett opp. Elevar som ikkje klarer å konkurrere seg inn på den skolen dei ønsker, får tilbod om plass på den nærmeste skolen med ledig kapasitet som har det utdanningsprogrammet dei har sett opp. Slik sett kan ein seie at fritt skoleval kan gjøre det meir usikkert for svake elevar kva skole dei kjem inn på.

Som vi viste tidlegare i saka er erfaringane i Møre og Romsdal at elevane i hovudsak søker seg til ein skole i nærlieken av heimen, og at det i liten grad blir søkt ut over skoleregionane. I dei tilfella elevane gjer det, kan det til dømes gjelde utdanningsprogram der det berre er eitt søkbart tilbod i heile fylket (t.d. naturbrukstilboden på Gjermundnes vgs). Å oppheve fritt skoleval vil derfor truleg medføre lita endring for Møre og Romsdal sin del, då dei fleste elevane likevel vel skolar i nærlieken som har det tilboden dei ønsker.

Skolebruksplan

Skolebruksplanen bestemmer kva tilbod som skal vere søkbare ved dei enkelte skolane og gir ei samla oversikt over undervisningstilbodet i planperioden. Planen gir også grunnlag for å vurdere og planlegge det samla tilbodet i skoleregionane og i heile fylket, og den er tett kopla til økonomiplanen. I arbeidet med skolebruksplanen er målet at det samla tilbodet skal vere føreseieleg og slik unngår at det er for mange tilbod som ikkje kjem i gang fordi det er for få søkerar. Dersom det å ikkje sette i gang eit tilbod betyr at ein må sette i gang ei ny klasse på ein annan skole, vil ein ikkje få økonomisk gevinst. Det kan likevel vere lurt på sikt å samle tilbod på færre skolar, fordi det betyr at ein kan få sterke og meir robuste og stabile fagmiljø med sikre arbeidsplassar for dei tilsette.

Konsekvensar av betre kapasitetsutnytting

Ved å fylle opp klasser vil det bli færre ledige plassar og dermed auka konkurransen. Dette vil føre til at det er elevane med svakast karaktergrunnlag som ikkje kjem inn på førstevalet sitt på skole, og det er dermed dei som kanskje må flytte på hybel. Dette medfører ein risiko for at fleire gjer omval eller eventuelt droppar ut. Det er på vg1 utfordringa blir størst. I år var det der berre 132 ledige plassar etter 2.inntaket i heile fylket, og 80 % av tilboda har ingen eller 1 ledig plass. Det arbeidet som er gjort gjennom skolebruksplanen for å betre kapasitetsutnyttinga har altså gjort at vi ikkje har stor overskotskapasitet i fylket samla sett, men her er det store lokale variasjonar.

Ved betre kapasitetsutnytting vil det også bli færre ledige plassar som vaksne kan konkurrere om. Elevar med vaksenrett stiller bak elevar med ungdomsrett (§ 3 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring: «Fylkesutdanningssjefen gir tilbod til alle søkerar med ungdomsrett. Fylkesutdanningssjefen gir så langt råd tilbod til søkerar med fullføringsrett»). Fylket opprettar også eigne klasser for vaksne, men berre innan nokre tilbod, fordi det er ei avgrensa ramme for dette. Ønsker dei å söke på andre tilbod, må dei altså vente til alle elevar med ungdomsrett har fått tilbod. Eventuelt ledige plassar kan bli tilbydd vaksne, og særleg gjeld dette på distriktskolane, så sjølv om tilboden er därleg sökt, kan ein likevel få fulle klasser.

Vi har i denne saka i utgangspunktet brukt like kriterier for å identifisere tilboda som er svakt sökte, men det er gjort ei heilsapsvurdering til slutt fordi nokre skolar har mange svakt sökte tilbod og vil dermed bli hardt ramma. Her må ein vurdere totalbelastninga for skolane og sjå skoleregionane i heilskap, og nokre tilbod (t.d. Helse og oppvekstfag på Tingvoll vgs) er derfor lagt inn igjen etter denne vurderinga.

I tillegg er det to utdanningsprogram (KD og ME) som blir vurdert lagde til berre to skoleregionar i fylket. Dette blir drøfta i eit eige kapittel seinare i saka.

I starten av kvart avsnitt om tiltaka er det vist til tal på elevar (alle rettar) etter 2.inntak 2019/20 for å vise kor mange elevar dette tiltaket vil få konsekvensar for.

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
3	Fraena vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,7	2,2	2,8	3
3	Fraena vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Gjermundnes vgs Påbygging saman med Rauma vgs	1,15	2,3	2,3	2,3
3	Gjermundnes vgs, ikkje tilby vg2 Industrieknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Haram vgs, ikkje tilby vg2 Kulde og varmepumpeteknikk	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Herøy vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Kunst, design og arkitektur samla ved Fagerlia vgs og Molde vgs	0,8	2,7	4,9	6,2
3	Medium og kommunikasjon samla ved Volda vgs og Kr.sund vgs	0,7	2,7	5,1	6,7
3	Ørsta vgs, ikkje tilby Design og handverk	0,5	1,3	2,6	2,6

3	Ørsta vgs ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,75	1,5	3	3
3	Stranda vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag	0,7	1,4	1,4	1,4
3	Stranda vgs, ikkje tilby vg2 Helsearbeidarfag	0,3	0,8	0,8	0,8
3	Sunndal vgs, ikkje tilby Elektrofag	0,5	1,4	2,7	2,7
3	Sunndal vgs, ikkje tilby vg2 Industriteknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Surnadal vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,9	2,7	2,7
3	Syklyven vgs, ikkje tilby vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Tingvoll vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,35	0,7	0,7	0,7
3	Kristiansund vgs, redusere kapasitet HO med 1 klasse	0,6	1,9	2,7	2,7
3	Tingvoll vgs, ikkje tilby vg3 Medium og kommunikasjon	0,3	0	0	0
	Effekt av Ålesundsstrukturen jf. vedtak Fylkestinget (T-38/13)	0	3	6	6
3	Legge ned avdeling Vanylven ved Herøy vgs	3,75	9	9	9
	Sum tiltaksområde 3	15	40,6	54,5	57,6

Søre Sunnmøre

Elevframskrivning for Søre Sunnmøre

Søre Sunnmøre er det regionen med størst fall i elevtal frå 2020 til 2030 med 10 prosent. Her er det store forskjellar mellom skolane, men felles for alle er at det er ein nedgang. Herøy vgs, avd. Vanylven går frå 34 elevar i 2020 til 21 elevar i 2030 i framskrivningane for alle elevrettigheitar, altså eit fall på 38 prosent. Også Herøy vgs og Ulstein vgs er forventa å få eit stort fall i elevtal med høvesvis 14 prosent og 11 prosent. Fallet på Ørsta vgs og Volda vgs er minst i regionen, men begge har ein forventa nedgang på 7 prosent.

Tiltak Søre Sunnmøre

Legge ned avd. Vanylven ved Herøy vgs

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- ST Vg1 – 14 elevar
- TP Vg2 – 12 elevar

Fylkesutdanningssjefen foreslo i sak UD-39/18 å legge ned Herøy vgs avd. Vanylven frå skoleåret 2019/20.

Utdanningsutvalet vedtok 19.3.19 at tilboda ved avd. Vanylven skulle vere søkbare til skoleåret 2019/20, og to tilbod kom i gang hausten 2019, ½ klasse vg1 Studiespesialisering og 1 klasse vg1 Teknikk og industriell produksjon.

Med bakgrunn i lave søkerkartal, vanskar med å erstatte kompetansen til lærarar som sluttar og dei økonomiske utfordringane avdelinga får med å drive eit så smalt tilbod, foreslår fylkesutdanningssjefen i skolebruksplanen å ikkje starte opp tilbod ved avdelinga frå skoleåret 2020/21. Herøy vgs deler i høyringssvar til skolebruksplanen fylkesutdanningssjefen si vurdering av at vidare drift ved avdelinga ikkje vil vere kvalitetsmessig forsvarleg.

Vanylven kommune seier i høyringssvaret at dette forslaget bryt med prinsippet om at elevane så langt råd er skal kunne bu heime, og legg også vekt på at det ikkje er eit godt nok kollektivtilbod til aktuelle skolar i regionen. Det er laga ei samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane (Vestland) fylkeskommune slik at dei elevane som ønsker det, kan sikra plass på ein skole i nabofylket. Mange av elevane frå den sørlege delen av kommunen har nytta seg av dette tilbodet allereie inneverande år. Dei øvrige vil truleg fordele seg på Volda, Ørsta og Herøy vgs. Allereie er det elevar frå Vanylven som vel å gå på skole utanfor kommunen fordi dei vil gå på tilbod som ikkje finst i Vanylven.

Omsynet til heimebuande elevar må vegast opp mot eit skoletilbod med gode fagtilbod og fagmiljø som vil vere økonomisk forsvarleg og føreseieleg over tid.

Volda vgs – Ikkje tilby Kunst, design og arkitektur (KD)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- KD Vg1 – 14 elevar
- KD Vg2 – 15 elevar

Utdanningsprogrammet Kunst, design og arkitektur (KD) er inne i sitt andre driftsår ved Volda vgs og skolen er den einaste i regionen som tilbyr programmet. Når skolen fekk starte opp eit nytt utdanningsprogram var det lagt til grunn at ei halv klasse KD skulle kombinerast med ei halv klasse Studiespesialisering på kvart nivå.

Omfanget på programmet er totalt sett i fylket så lite, at ein vurderer om dette kan leggast berre til to skolar (Fagerlia og Molde vgs). Det ser ut til at søkerane i liten grad har KD i andre regionar som sitt 2. val, men at dei i staden for søker andre utdanningsprogram på Søre Sunnmøre, om lag halvparten ved Volda vgs.

Sjølv om programmet har vore i drift berre i to år, er det etablert eit samarbeid med høgskulen som også omfattar felles tilsette. Det er tenkt at tilboden også skulle vere med og styrke rekrutteringa til praktisk estetiske fag , særleg formingslærarutdanninga.

Dette tiltaket er nærmere drøfta i eige kapittel om tilbod i berre to regionar.

Herøy vgs - Ikkje tilby Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- BA Vg1 – 12 elevar
- Vg2 Byggeteknikk – 12 elevar

I saka om Utviklingsplanar for Eiksundregionen (2014) vart det vedteke å samle tilbod om utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk ved ein skole i regionen. Dette vart seinare stadfesta i sak UD 32/16 «Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal». I begge desse sakene var det knytt som vilkår for gjennomføringa, at det skulle byggast ut stor nok kapasitet ved Ørsta vgs til å kunne handtere søkera for heile regionen. I saka om ny yrkesfagleg struktur og plassering av tilbod (2019) blir det konkludert med at den tilstrekkelege kapasiteten til å handtere dagens søkeratal er på plass og at samanslåinga kan gjennomførast frå og med skoleåret 2020/21.

Tiltaket er vurdert å kunne styrke fagmiljøet ved Ørsta vgs og gje betre utnytting av verkstadlokala og i liten grad utløyse behov for større nybyggareal. Ved Herøy vgs vil ein kunne ta eksisterande bygghall ut av drift (plasthall).

Ørsta vgs – Ikkje tilby Restaurant- og matfag (RM)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- RM Vg1 – 10 elevar
- Vg2 Kokk- og servitørfag – 7 elevar

I saka om Utviklingsplanar for Eiksundregionen (2014) vart det vedteke å samle tilbod om utdanningsprogrammet Restaurant og matfag ved ein skole i regionen. Dette vart seinare stadfesta i saka om skole- og tilbodsstruktur i Møre og Romsdal (2016). I begge desse sakene var det knytt som vilkår for gjennomføringa, at det skulle byggast ut stor nok kapasitet ved Herøy vgs til å kunne handtere søkera for heile regionen. I saka om ny yrkesfagleg struktur og plassering av tilbod (2019) blir det konkludert med at den tilstrekkelege kapasiteten til å handtere dagens søkeratal er på plass og at samanslåinga kan gjennomførast frå og med skoleåret 2020/21. Det er lagt til grunn at ein tek med ledig kapasitet ved Borgund vgs i denne

kapasitetsvurderinga. Om lag 27% av elevane som søkte RM ved Ørsta vgs i 2019 hadde RM ved Herøy vgs som 2.val. Tiltaket ser ut til å kunne gje betre søkering til Herøy vgs, men kanskje redusere talet på søkerar til RM totalt i fylket.

Dersom det blir vedteke å bygge «Nye Ørsta vgs» vil tiltaket gjøre at eksisterande RM-lokale ved Ørsta vgs kan byggast om til andre formål og reduserer nybyggbehov med min. 600 kvm BTA (24.mill.).

Ørsta vgs – Ikkje tilby Design og handverk (DH) – (Nytt utdanningsprogram: «Frisør, blomster og interiørdesign») Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- DH Vg1 – 13 elevar

Ørsta vgs har lenge hatt tilbod om utdanningsprogrammet Design og handverk (DH) med Vg2 Blomsterdekoratør, det einaste tilbodet i fylket. Dei siste åra har det ikkje vore nok søkerar til å sette i gang Vg2 blomsterdekoratør, og skolen har derfor berre hatt ei Vg1-klass på utdanningsprogrammet. I den nye yrkesfaglege strukturen er Vg2 Blomsterdekoratør lagt til det nye utdanningsprogrammet «Frisør, blomster og interiørdesign».

I sak UD 4/19, «Ny yrkesfagleg struktur – forslag til plassering av tilbod», er Vg2 Blomsterdekoratør lagt som fylkestilbod ved Romsdal vgs. Det vil seie at Ørsta vgs no kun står igjen med ei Vg1 klasse på det nye utdanningsprogrammet. Vurderinga er at dette tilboden blir for lite og sårbart til å bygge vidare på for framtida. Ut frå søkeringa i 2019 kan vi sjå at 15% har DH ved Borgund vgs som 2.val, medan resten av søkerane fordelar seg på ulike tilbod innanfor regionen.

Som ei innvending mot dette tiltaket, vert det trekt fram at dette er eit tilbod som er mykje søkt av elevar(mest jenter) som har høg risiko for å dette ut av skoleløpet og at det er viktig å legge til rette for at desse elevane får eit tilbod ved ein skole som ligg så nær at dei ikkje må flytte på hybel. Dersom tilboden vert lagt ned, må skolen gje elevar med særskilde behov ei tilsvarende tilrettelegging på andre utdanningsprogram.

Dersom det blir vedteke å bygge «Nye Ørsta vgs» vil tiltaket kunne redusert nybyggbehovet med 235 kvm BTA (ca. 9 mill.).

Konsekvensar Søre Sunnmøre

Konsekvensane for Søre Sunnmøre er følgande kutt i tilbod/elevplassar. Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar og alle trinn:

- Volda vgs KD – 29 elevar
- Herøy vgs BA – 24 elevar
- Ørsta vgs RM – 17 elevar
- Ørsta vgs DH – 13 elevar
- Ulstein vgs YSK - 32 elevar

Som det går fram av lista ville tiltaka for regionen ført til at 116 elevar hadde fått eit anna tilbod i skoleåret 2019/20. Ved å studere kva desse elevane har som 2.val når dei har søkt om skoleplass, kan ein anta at om lag halvparten ville hamne på eit anna tilbod ved same skole, medan resten ville fordele seg ut over på andre skolar i regionen. Sidan dei aktuelle utdanningsprogramma enten blir mindre tilgjengelege, eller ikkje tilbydd i det heile innanfor regionen, er det grunn til å tru at tiltaka vil føre til færre elevar på desse programma. For nokre elevar vil endringane kunne føre til meir pendling eller at dei vel å flytte på hybel. I dei tre aktuelle yrkesfaglege programma er elevar med behov for ekstra oppfølging og hjelp ofte overrepresenterte.

Konsekvensen av at eit slikt utdanningsprogram ikkje lenger finnast kan vere at dei same elevane søker til andre utdanningsprogram ved same skole og må få organisert den same oppfølginga der. Det er peikt på ein risiko for at dersom ein strammar for mykje inn på talet på elevplassar, kan fleire svake elevar bli dei som taper i kampen om desse plassane og må flytte til ein skole lenger unna heimstaden.

For BA/Ørsta vgs og RM/Herøy vgs kan konsekvensen bli auka søking med høgare fagleg nivå og styrka fagmiljø.

To andre tiltak som kan påverke den endelege tilbodsstrukturen i regionen er:

- Legge ned Herøy vgs, avdeling Vanylven. (26 elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar)
- Redusere klassesetal på MD (Konsekvens i 2019/20 ville vore om lag 40 færre elevar på utdanningsprogrammet ved Volda vgs)

Det kan sjå ut som Volda vgs blir noko hardt ramma av tiltaka i høve til andre skolar i regionen, men ein god del av dei elevane som ville valt KD eller ikkje får plass på MD, vil truleg ende opp som ordinære ST-elevar ved skolen. Nedgangen i elevtal vil ramme hardast i ytre delar av regionen og gjere det utfordrande å oppretthalde alle dagens klasser, men dette er korrigeringar som vil kome som ein naturleg følgje av denne nedgangen og treng ikkje problematiserast ytterlegare i denne saka. I følgje elevtalsprognosane som ligg til grunn for saka, er det forventa ein nedgang for heile regionen på 169 elevar frå 2020-2030.

Nordre Sunnmøre

Elevframskriving for Nordre Sunnmøre

Nordre Sunnmøre er den regionen som står sterkest i elevframskrivingane. Elevtalet i regionen veks med 1 prosent når ein ser på alle rettigheiter i perioden frå 2020 til 2030. Men det er store skilnadar. Dei tre minste skolane Stranda vgs, Sykkylven vgs og Haram vgs er alle forventa å ha ein nedgang. Størst nedgang i framskrivingane er det for Stranda med 20 prosent. I framskrivingane er det 164 elevar i 2020 og 132 elevar i 2030. På Sykkylven er det ein nedgang med 12 prosent til 191 elevar i 2030, og på Haram er det ein nedgang på 6 prosent til 288 elevar i 2030. Dei 4 største skolane ligg alle i Ålesund, og dei er forventa å ha ein auke i elevtalet frå 2020 til 2030.

Tiltak Nordre Sunnmøre

Ålesund vgs, Ikkje tilby Medium og kommunikasjon (ME)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- ME Vg1 – 27 elevar
- ME Vg2 – 15 elevar
- ME Vg3 – 28 elevar

Som ein følgje av framleggget om å samle utdanningsprogrammet Medium og Kommunikasjon (ME) ved to skolar i fylket, Kristiansund og Volda vgs, vert det forslått at Ålesund vgs ikkje lenger skal tilby ME. I Ålesund er det også ein privat tilbydar av dette utdanningsprogrammet og ein har derfor sett på kva elevane som har søkt ME ved Ålesund vgs, har som 2.ønske. Det viser seg at om lag 25% av dei som hadde Ålesund vgs/ME som primærønske hadde ME ved ein privat skole som 2.ønske. 17% valde eit anna tilbod ved Ålesund vgs, medan resten av ME-søkarane i hovudsak fordelte seg på dei andre vidaregåande skolane i Ålesund, flest på Fagerlia vgs. På bakgrunn av dette ser det ut til at konsekvensane av at Ålesund vgs ikkje skal tilby dette utdanningsprogrammet, er at dei fleste av elevane søker andre tilbod i byen. Ingen søker ME ved Volda vgs og berre 1 til Molde.

Ålesund vgs – Ikkje tilby Studiespesialisering med entreprenørskap og bedriftsutvikling (ST m/entr.)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- ST m/entr. Vg1 – Ikkje sett i gang
- ST m/entr. Vg2 – 20 elevar
- ST m/entr. Vg3 – 4 elevar

Tilbodet har vore dårleg søkt over fleire år og i skoleåret 2019/20 kom det ikkje i gang Vg1-klassen. I forslag til skolebruksplan 2020-2022 er tilbodet foreslått lagt ned. Av søkerdata kan det sjå ut til desse elevane i all hovudsak vil fordele seg på andre studieførbuande tilbod ved skolane i Ålesund.

Tiltaket vil frigjere klasseromskapasitet ved Latinskolen.

Ålesund – effektuering av vedtak

I sak T38/13 «Ny Ålesundsstruktur – Utviklingsplanar for skolane i Ålesund», vart det vedteke eit «Alternativ 1», der ei av fleire endringar, var å flytte Idrettsfag (ID) frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs. Gjennom nybygg og renovering av eksisterande bygg, er det no lagt til rette for ei slik flytting, men ein har framleis ikkje nok tilgjengeleg hallkapasitet til kroppsøving og idrettsfag knytt til skolen. Dette skal etter planen løysast med bygging av ny idrettshall i samarbeid med Spjelkavik idrettslag m/fleire. Spjelkavik vgs har etter utbygginga kapasitet til 9 klasser a' 30 elevar pr nivå, til saman 810 elevar. Dersom ein tek utgangspunkt i at skolen i dette skoleåret har 480 elevar vil skolen ha ein teoretisk restkapasitet på 330 elevar. Sjølv om ein flyttar Idrettsfag til Spjelkavik vgs (140 elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar), vil ein framleis ha ein restkapasitet på 190. Ålesund har i dag 214 elevar på ST (inkl. ST m/bedr. 2.inntak 2019/20, alle rettar). Konklusjonen er at vi med dagens elevtal ikkje treng den ST-kapasiteten vi har ved Ålesund vgs. Dette er også drøfta i kapittelet om samanslåing av Ålesund og Fagerlia vgs. Det er forventa ein viss auke i elevtalet ved dei vidaregåande skolane i Ålesund fram i mot om lag 2027, men i 2033 ser det ut til å vere tilbake på dagens nivå.

Dersom ein får til ei slik fortetting ved Spjelkavik vgs kan det realisere ein nettogevinst tilsvarande om lag ressursar til 4 klasser (6 mill.). Dette føreset også at ein startar utfasinga av Studiespesialisering ved Ålesund vgs.

Haram vgs - Ikkje tilby Vg2 Kulde- og varmepumpeteknikk

Dette er eit programområde under utdanningsprogrammet Elektrofag som det er stor etterspurnad etter frå næringslivet og det einaste i fylket, men som elevane i litra grad søker på trass i god tilgang på læreplassar. Tilbodet vart ikkje sett i gang i skoleåret 2019/20 og er foreslått tatt ut i neste års skolebruksplan.

Tiltaket vil frigjere noko verkstadareal som til dømes kan brukast til eit anna programområde på Vg2 ved behov.

Sykylven vgs - Ikkje tilby Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag

Dette er eit programområde under utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag. Tilbodet vart ikkje sett i gang i 2019/20 på grunn av svak søkering (4 søkerar med ungdomsrett). Forslaget inneber at Sykylven vgs berre tilbyr Helsearbeidarfag på vg2.

Stranda vgs - Ikkje tilby vg2 Helsearbeidarfag

7 elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar

Dette er eit programområde under utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag, eit utdanningsprogram som fylkeskommunen ønsker å ha på dei fleste distriktskolanane. Det er vurdert som viktigare å oppretthalde eit tilbod på HS enn på RM ved Stranda vgs. På grunn av lite søkering vert Vg2-tilbodet foreslått samla. Slik søkeringa ser ut no, er det plass til alle søkerane ved Sykylven og Stranda vgs i ei klasse. Det er vurdert som eit tryggare alternativ for å oppretthalde søkeringa til tilbodet dersom denne klassa vert lagt til Sykylven vgs. Ein vurderer det som ein større sjanse for at elevane i Sykylven vel skolar i Ålesund som eit alternativ framfor Stranda vgs, enn omvendt. Dette blir bekrefta gjennom dei aktuelle søkerane sine 2.val. Sjå også drøfting av reisetid osv. i kapittelet om samanslåing Stranda/Sykylven.

Stranda vgs - Ikkje tilby Restaurant- og matfag (RM)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- RM Vg1 – 6 elevar
- Vg2 Kokk- og servitørfag – Ikkje tilbod på grunn av det ikkje var søking nok til å sette i gang Vg1-klassen i 2018/2019.

I sak UD 4/19, «Ny yrkesfagleg struktur – forslag til plassering av tilbod», er det vedtatt at det nye programområdet «Vg2 Kjøtt og næringsmiddelindustri» skal leggast til Stranda vgs. Det er foreslått ein halv klasse på kvart nivå. Det er kostbart for fylkeskommunen å oppretthalde eit så lite fagmiljø. I denne saka har ein eit hovudfokus på å redusere driftsnivået ved å fylle opp eksisterande klassar, og konkluderer med at Borgund vgs har kapasitet til å dekke opp behovet for elevplassar for heile regionen. Søkjarane til Stranda vgs/RM har i hovudsak RM ved Borgund vgs som 2.val.

Det er mykje næringsmiddelindustri på Stranda, men det viser seg at innan denne industrien kjem dei aller fleste lærlingane frå automasjonsfaget, altså frå Elektro og Teknikk og industriell produksjon.

RM har sine praksislokale i Næringsfaghuset som er eit sameige mellom Fylkeskommunen og Stranda kommune. Skolen betaler husleige til sameiget. Eventuell salsverdi er ikkje kjent.

Konsekvensar for Nordre Sunnmøre

Konsekvensane for Nordre Sunnmøre er følgande kutt i tilbod/elevplassar. Elevtal ved 2.inntak 2019/20, alle rettar og alle trinn:

- Ålesund vgs, ME – 70 elevar
- Ålesund vgs, ST m/entr. – 24 elevar
- Haram vgs, Vg2 Kulde- og varmepumpeteknikk – Ingen elevar i dette skoleåret.
- Sykkylven vgs – Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag - Ingen elevar i dette skoleåret.
- Stranda vgs – Vg2 Helsearbeidarfag – 7 elevar.
- Stranda vgs, RM – 7 elevar
- Ålesund vgs, YSK/Service og samferdsel – 37 elevar
- Haram vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag – 46 elevar
- Spjelkavik vgs, IB – 33 elevar

Andre tiltak. Elevtal ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- Flytte ID frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs (Effektuering av vedtak) – 140 elevar
- Haram vgs, ST/Vg2 i Skottland – 15 elevar
- Redusere klasstal på MD (Konsekvens i 2019/20, ville vore om lag 60 færre elevar på utdanningsprogrammet ved Fagerlia vgs)
- TP blir flytta frå Ålesund vgs til Fagerlia vgs frå og med skoleåret 2020/2021 – 96 elevar

Nordre Sunnmøre er den mest komplekse skoleregionen, med fire store byskolar som delvis konkurrerer med like utdanningsprogram. Det er i tillegg distriktskolar som ligg så geografisk tett opp til byskolane at dei overlappar same område. Kommunereformen vil føre til at også Haram vgs blir ein del nye Ålesund kommune. Det er også den største regionen med om lag 37% av elevane i fylket. Dei fleste av endringane ovanfor som gjeld bortfall av tilbod i Ålesund, vil stort sett ha som konsekvens at elevane i staden vil velje eit alternativ ved same skole, eller ved ein av dei andre byskolane. Dette er omtalt meir nøyaktig i utgreiinga for kvart alternativ. Som det kjem fram av oversikta, er det mange av tiltaka som vil dra i retning av eit lågare elevtal ved Ålesund vgs, ved at tilbod allereie er vedteke flytta, eller foreslått flytta/lagt ned i denne saka. Det er ein føresetnad for å få den kalkulerte økonomiske gevinsten at dei planlagde tiltaka på byggsida, t.d. idrettshall i Spjelkavika, kjem på plass. Det er også peika på at den studiespesialiserande kapasiteten på dagens nivå, kan løysast med to skolar, Fagerlia vgs og Spjelkavik vgs. På bakgrunn av drøftingane i denne saka, vil det bli tilrådd å starte ein

prosess der ein går frå fire til tre vidaregåande skolar i Ålesund. Det visast også til drøftingar rundt dette i kapittelet om samanslåing av Ålesund vgs og Fagerlia vgs.

Tiltaket om å ikkje lenger tilby YSK i fylket, har konsekvensar for to av skolane i regionen, Ålesund vgs og Haram vgs. For Haram vgs sin del utgjer YSK ein vesentleg del av elevgrunnlaget og bidreg mellom anna til å kunne tilby fleire val for realfag. Det har gjennom fleire års arbeid blitt etablert eit godt samarbeid med næringsliv og høgskolemiljø om tilbodet. Det er god søking og god tilgang på lære plassar. Ut i frå 2.ønska til dei som har søkt tilbodet i år kan ein sjå at skolane i gjennomsnitt vil få om lag 60% av dei elevane som ville søkt YSK, til andre tilbod ved skolen. Drøftingane under kapittelet dyre tilbod viser likevel kvifor det er viktig å oppretthalde dette tiltaket.

Når det gjeld tiltaka for Sykkylven og Stranda vgs, må desse sjåast i samanheng med den forventa nedgangen i elevtalet for indre delar av regionen. Det vil vere ein fornuftig strategi å slanke tilbodsstrukturen slik at ein sit att med eit tilbod som er trygt og føreseileg over tid, og ein ikkje må leve med uvisse frå eine året til andre om det blir sett i gang. Det er ein dårlig situasjon både for elevar og tilsette. I kapittelet om Stranda og Sykkylven vurderer ein konsekvensar og alternative mulegheiter ved ei eventuell samanslåing av dei to skolane. I løpet av 10 år er det forventa eit samla elevtal på om lag 300. Det er vanskeleg å sjå føre seg at det går an å få til fornuftig drift av to skolar med eit så lite elevgrunnlag. Nærleiken til Ålesund tilseier også at etter kvart som tilbod kjem under press på grunn av minkande søking, er det større fare for elevflukt til byskolane. For å bevare eit godt og robust vidaregåande skoletilbod i indre delar av regionen kan det vere eit strategisk riktig val, å alliere no begynne eit samarbeid mellom dei to skolane. Eit første steg på vegen kan vere ein felles administrasjon.

Romsdal

Elevframkriving Romsdal

I Romsdal, om ein ser bort frå Fannefjord vgs, er Gjerdmundnes vgs den minste vidaregåande skolen, følgd av Rauma. Gjerdmundnes vgs har i framkrivingane for 2030 134 elevar, uavhengig av rettigheit. Dette er ein forventa nedgang på 12 elevar frå 2020, noko som tilsvrar 8 prosent. På Rauma vgs er nedgangen på 9 prosent, basert på elevframkrivingar på 187 elevar i 2020 og 170 elevar i 2030. Fræna vgs er vesentleg større enn desse to skolane, men framkrivingane viser eit fall på 8 prosent i perioden. Dei to største skolane er Romsdal vgs og Molde vgs. Molde vgs har ein forventa vekst på 1 prosent i tiårsperioden, medan Romsdal vgs har ein nedgang på 5 prosent. Forskjellen mellom dei to skolane i forventa utvikling har truleg samanheng med at Romsdal vgs rekrutterer meir frå kommunar med dårlagare folketalsutvikling, då prognosane baserer seg på dagens søkermønster.

Tiltak Romsdal

Molde vgs, Ikke tilby medium og kommunikasjon (ME)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar. Totalt 94:

- ME Vg1 – 40 elevar
- ME Vg2 – 15 elevar
- ME Vg3 – 39 elevar

Som ein følgje av framlegget om å samle utdanningsprogrammet Medium og Kommunikasjon (ME) ved to skolar i fylket, Kristiansund og Volda vgs, vert det forslått at Molde vgs ikkje lenger skal tilby ME. I Molde er det også ein privat tilbydar av dette utdanningsprogrammet og vi har derfor sett på kva elevane som har søkt ME ved Molde vgs, har som 2.ønske(36 søkerar til Vg1, 2019).

- 44% valde eit anna tilbod ved Molde vgs, dei fleste studiespesialisering.
- 28% valde eit yrkesfag ved Romsdal vgs
- 17% valde ME ved Ålesund eller Kristiansund vgs

- 6% valde ME ved private skolar

Av dette kan ein sjå at det er påfallande få som vel private alternativ, men at dei fleste av dei som har ME som 2.ønske heller vel å pendle til, eller bu på hybel i Ålesund eller Kristiansund. For Molde vgs sin del, vil knapt halvparten av dei som søkte ME no søke Studiespesialisering (ST). Det kan gje grunnlag for ei ekstra klasse ST. Romsdal vgs vil få større søker til nokre av sine yrkesfagtilbod.

Gjermundnes vgs, ikkje tilby Vg2 Industriteknologi

Vg2 Industriteknologi var i år ikkje sett i gang på grunn av for dårleg søkering. Det varierer frå år til år kor stort behovet er totalt sett er for den ekstra kapasiteten ein har ved Gjermundnes vgs, t.d. ved oversøking ved Romsdal vgs. Noko knapt areal og generelt dårlege forhold, gjer at det i utviklingsplanen er foreslått å bygge ny verkstad på ca. 300 kvm, kostnadsrekna til 6,8 mill. I skuleåret 2019/20 er det to Vg1 klasser (25 elevar ved skolen).

Gjermundnes og Rauma vgs, samarbeid om Påbygg til generell studiekompetanse (PB)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- Gjermundnes vgs: PB – 13 elevar
- Gjermundnes vgs: Vg3 Studieførebuande NA – 5 elevar
- Rauma vgs: PB – 14 elevar

Tiltaket omfattar påbyggelevane ved Rauma vgs og Gjermundnes vgs og elevar som går Vg3 Studieførebuande Naturbruk. Det samla omfanget ved dei to skolane utgjer om lag ei klasse. Vg3 studieførebuande har noko av undervisninga si saman med Påbygg-klassen og det er derfor anbefalt at dei blir med i dette samarbeidstiltaket. Dei to skolane må organisere undervisninga slik at ein reduserer kostandane til omlag det det kostar for ei påbygg-klasse med tillegg for ekstra programfag for Naturbruk-elevane. Historisk sett er det ganske lik søkering til dei to skolane, men det er valt å anbefale å legge tilbodet til Rauma vgs fordi det er eit noko meir omfattande studiespesialiserande tilbod der. Skolane må i samarbeid finne ei god løysing for elevane på Vg3 studieførebuande Naturbruk. I skoleåret 2019/20 gjeld dette 5 elevar.

Fræna vgs, ikkje tilby Restaurant- og matfag (RM)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- RM Vg1 – 14 elevar
- Vg2 Kokk- og servitørfag – 12 elevar

Vi er i ein situasjon der næringa uttrykker stort behov for å rekruttere arbeidskraft, medan det frå elevane si side har vore ei minkande interesse for faget dei siste åra, både på nasjonalt nivå og i fylket. Trenden er litt meir positiv for dette skoleåret, men berre marginalt (12 fleire søkerar nasjonalt).

Med dei tiltaka som ligg i saka, er det som prinsipp lagt opp til ein skole som tilbyr RM i kvar skoleregion. I Romsdalsregionen er det i dag to skolar som tilbyr RM, Rauma vgs og Fræna vgs. Begge tilboda er dimensjonert like store, med ei klasse på Vg1 og ei klasse på Vg2. Historisk sett har Rauma vgs lange tradisjonar som den leiande skolen innan faget her i fylket, men dette har endra seg, slik at dei seinare åra har Fræna vgs nokre år hatt betre søkering enn Rauma, og i 2018/19 var det ikkje nok søkerar på Vg1 til at tilbodet vart sett i gang ved Rauma vgs. Søkedata frå 2019 viser at knapt halvparten av søkerane til RM ved dei to skolane har RM ved ein annan skole i fylket som 2.ønske. Det vil altså på kort sikt kunne bli mindre søkering til programmet med berre ein skole i regionen, men ei viss styrking av den skolen som blir att. Rauma vgs var for få år sidan gjennom ei renovering og oppgradering av RM-lokala sine saman med resten av skolen. Fræna vgs har ikkje eigne lokale, men leiger saman med Fræna kommune sitt produksjonskjøkken lokale i sentrum av Elnesvågen. Desse lokala har også vore gjennom ei mindre ombygging og oppgradering i samband med at kommunen kom inn som

medleigetakar. Leigeavtalen for «Toppen» i Elnesvågen varer til 01.07.2023 og kan deretter forlengast med opsjon på 2+2 år. Ein må altså her velje mellom to alternativ som er relativt like. Ser ein på søkera talar det noko til Fræna vgs sin fordel, men det at fylkeskommunen har investert så mykje i lokala ved Rauma vgs, gjer at det verkar meir framtidssretta å satse på dette alternativet. Dette blir derfor den anbefalte løysinga.

Tiltaket reduserer dei lokale valalternativa for elevar i ytre del av regionen og det er negativt at det blir ei mindre sentral plassering i høve reisetid for fleire av elevane i skoleregionen.

Fræna vgs, ikkje tilby Bygg- og anleggsteknikk (BA) vg1 og vg2 (SBM)

I sak UD 32/16 «Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal» vart det, på bakgrunn av lave søkartal, i rapporten frå Norconsult tilrådd å legge ned Bygg og anleggsteknikk ved Fræna vgs. Søkartala varierte likevel noko frå år til år og ein ville sjå an korleis nybygg ved Romsdal eventuelt kunne påverke søkera. Følgande vedtak vart gjort for Fræna vgs: «Vurdere å legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk med verknad f.o.m. skoleåret 2021/2022» (Vedtak i samband med rullering av skolebruksplan). Søkeren har blitt dårlegare enn ein kunne forvente, og det er i skoleåret 2019/20 ikkje elevar på verken Vg1 eller Vg2. Det er derfor framlegg både i skolebruksplan og i denne saka at skolen ikkje tilbyr utdanningsprogrammet med verknad frå og med skoleåret 2020/21. Ein legg då til grunn at det er god nok kapasitet ved Romsdal vgs til å dekke heile regionen.

Fræna vgs leiger i dag bygghall av Fræna kommune (på skolens si tomt). Dersom denne blir frigjort kan ein omdisponere bruken av hallen til bruk for utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon og redusere investeringsbehovet til nybygg for TP med 16,3 mill (Utviklingsplan 2018). Dette kan medføre noko ombyggingskostnader. Fylkeskommunen kan seie opp leigeavtalen med verknad frå 01.08.2022, hvis ikkje vert den automatisk forlenga i fem år. Frå dette tidspunktet kan den også kjøpast av kommunen for 4 mill.

Konsekvensar Romsdal

Konsekvensane for Romsdal er følgande kutt i tilbod/elevplassar. Elevtal ved 2.inntak 2019/20, alle rettar og alle trinn:

- Molde vgs, ME – 94 elevar
- Gjermundnes vgs, Vg2 Industrieknologi – Ingen elevar i dette skoleåret
- Gjermundnes vgs, PB – 18 elevar (inkl. 5 elevar NA gen.st.)
- Fræna vgs, RM – 26 elevar
- Fræna vgs, BA – Ingen elevar i dette skoleåret
- Fræna vgs, YSK/Teknikk og industriell produksjon og Bygg og anleggsteknikk – 44 elevar

Andre tiltak. Elevtal ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- Redusere klasseset på MD (Konsekvens i 2019/20, ville vore om lag 35 færre elevar på utdanningsprogrammet ved Molde vgs)

Dei strukturmessige konsekvensane av å ikkje lenger tilby ME og redusere omfanget for MD, ser ut til å vere høgare søkering til dei eksisterande tilboda ved Molde og Romsdal vgs. Det er sannsynleg at dei to tiltaka til saman utløyser ein ekstra parallelle ST ved Molde vgs.

Å legge ned BA ved Fræna vgs, har vore eit varsle tiltak, som no også blir fremja i skolebruksplanen. Det er ikkje sett i gang klasser på utdanningsprogrammet i dette skoleåret. Dersom ein skal følgje same prinsipp for Romsdal som i resten av fylket med ein RM-skole pr. region, må enten Fræna eller Rauma vgs kutte dette utdanningsprogrammet. Sjølv om ikkje dette var noko opplagt val, er Rauma vgs tilrådd å vere den framtidige RM-skolen i regionen. I tillegg blir Fræna vgs råka av tiltaket med å avvikle YSK-tilboden i fylket. Forutan at dette er eit populært tilbod både blant elevar og næringsliv, vil det og vere ei svekking av det studiespesialiseringa fagmiljøet ved skolen, og særleg realfag. Dette blir nærmere drøfta under kapittelet *dyre tilbod, YSK*. Når det gjeld omfanget av elevar skolen mister ser det ikkje så dramatisk ut. I dette skoleåret gjeld det til saman 70

elevar, og 44 av desse er YSK-elevar som har om lag halve tida si i bedrift. Det ser ut til at av potensielle søkerar til dei tilboda som er forsøkt fjerna, vil minst halvparten uansett søke andre utdanningsprogram ved Fræna vgs og om lag halvparten av YSK-søkarane har ST som 2.ønske.

I tillegg til dei to føreslegne enkelttiltaka, er også ei mogeleg nedlegging av Gjermundnes vgs drøfta lenger nede i saka. Noko av bakgrunnen for det, er at det er store investeringsbehov ved skolen som det ikkje har blitt prioritert. Naturbruk er også eit kostnadsmessig svært dyrt program å drifta samanlikna med andre, så det vil ligge eit stort innsparingspotensiale i dette tiltaket. Når det er sagt, er dette det einaste tilbodet vi har for grønt Naturbruk i fylket, og det vil vere eit tap for landbruksnæringa i fylket om vi ikkje lenger kan tilby dette til landbruksinteressert ungdom.

Sjølv om skolen geografisk er plassert i Romsdal, rekrutterer skolen frå heile fylket og dette er såleis eit tiltak som på tilbodssida rammer heile fylket, men i høve til arbeidsplass-perspektivet er konsekvensane størst lokalt.

Nordmøre

Elevframskriving Nordmøre

På Nordmøre synar elevframskrivingane, om vi ser på alle rettar, at elevtalet ved Tingvoll vgs er forventa å gå ned mot 100 elevar i 2030, eit fall på om lag 17 prosent. På Nordmøre er det også eit kraftig fall på dei to største skolane Kristiansund vgs (9 prosent) og Atlanten vgs (7 prosent). Det er Sunndal vgs. og Surnadal vgs. som har minst fall av skolane på Nordmøre med 2 prosent og 5 prosent. Den forventa utviklinga ved Sunndal vgs er litt spesiell med mykje nedgang dei første fem åra for så å kome tilbake på dagens nivå dei neste fem-seks åra igjen.

Tiltak Nordmøre

Kristiansund vgs, Ikkje tilby Kunst, design og arkitektur (KD)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- KD Vg1 – 15 elevar
- KD Vg2 – 0 elevar
- KD Vg3 – 8 elevar

Det har lenge vore dårleg søkering og skolen har greidd å oppretthalde utdanningsprogrammet ved å kombinere ei halv klasse KD med ei halv klasse Medium og kommunikasjon (ME). 73% av søkerane (Vg1, 2019, alle rettar) hadde andre tilbod ved skolen som 2.ønske. Konsekvensane for Kristiansund vgs vurderast i all hovudsak som positive. I staden for halv klasse ME og halv klasse KD, blir det ei heil klasse ME. I tillegg ser det ut til at søkeringa til andre dårleg søkerde tilbod kan bli noko styrka.

Kristiansund vgs, Helse og oppvekstfag (HS)

Ein reduksjon i talet på elevplassar på dette tilbodet i Kristiansund må sjåast i samanheng med drøftingane under dette tilbodet på Tingvoll.

Sunndal vgs, Ikkje tilby vg2 industriteknologi

Sunndal vgs tilbyr i dag Utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon med dei to programområda Vg2 Kjemiprosess og Vg2 Industriteknologi. Med berre ei klasse på Vg1, ser ein at det blir for lite grunnlag til to programområde på Vg2-nivå. Dei to siste åra har det ikkje vore nok søkering til å sette i gang tilbodet Vg2 Industriteknologi, og det blir vurdert som meir framtidsretta at skolen satsar på Vg2 kjemiprosess som har meir stabil søkering. Vg2 Industriteknologi blir og tilbydd ved Surnadal vgs.

Tiltaket vil frigjere noko verkstadskapasitet ved skolen, men neppe areal som kan takast ut av bruk.

Fylkeskommunen har inngått avtale med Sunndal kommune om at dei kjøper plassar ved Sunndal vgs. I sak UD-24/19 «Oppretting av marginale tilbod med kommunale bidrag» er det gjort greie for kva tilbod som er sette i gang i samarbeid med Sunndal kommune og tilsvarende for Tingvoll kommune. Vedtak i saka var at «Prosjektet med at kommunar kan bidra økonomisk til å oppretthalde marginalt søkte tilbod, (skal gjelde minoritetsspråklege elevar utan ungdomsrett), fortsett året 2020/2021».

Sunndal vgs, Ikkje tilby Elektrofag (EL)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- Vg1 Elektrofag – 14 elevar
- Vg2 Elenergi – 13 elevar

Slik situasjonen er i dag, er det tilbod om Elektrofag både ved Sunndal vgs og Surnadal vgs. Programområda er fordelt slik at Sunndal har Vg2 Elenergi og Surnadal har Vg2 og Vg3 Automatisering. Når ein no vel å tilrå at tilboden om elektrofag blir lagt ned ved Sunndal vgs, er det ikkje først og fremst på grunn av dårlig søking til dette programmet, men følgjande:

1. Det blir rapportert at fleire står utan lærepllass i elektrikarfaget(Særleg på Nordmøre). Bedriftene er flinke til å ta inn lærlingar, men marknaden ser ut til å vere metta.
2. Det er dei neste fem åra forventa ein relativt stor nedgang i elevtalet ved Sunndal vgs på om lag 30-40 elevar. Dette gjer det nødvendig å kutte i talet på utdanningsprogram skolen tilbyr for å ha stort nok elevgrunnlag til å fylle dei som står att.
3. Utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk vert foreslått lagt ned ved Surnadal vgs og då blir det prioritert å oppretthalde dette ved Sunndal vgs framfor Elektrofag.

Største innvendinga mot tiltaket, er at det er sannsynleg at dette vil tappe skolen for ytterleg nokre elevar som vil velje Elektrofag ved andre skolar(35%). På den andre sida vil det truleg og bidra til at fleire søker dei andre tilboda ved skolen(60%).

Det er oppretta Vg3 i skole for Elektro også dette skoleåret fordi det ikkje er nok lærningplassar. Vi har også framleis elevar på vg3 i skole i Kristiansund. Det viser at det kan vere behov for å dimensjonere dette tilboden noko ned i fylket vårt.

Surnadal vgs, Ikkje tilby Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- BA Vg1 – 14 elevar
- Vg2 Byggteknikk – 0 elevar

Surnadal vgs er på same måte som Sunndal vgs inne i ein prosess med minkande elevgrunnlag utan å ha tatt tilstrekkeleg grep med tanke på studietilboden. Det har i lengre tid vore ein situasjon med varierande søkering frå år til år og usikkerheit om tilboda vert sett i gang eller ikkje. Det er no semje med skolen om å ta ut eitt av utdanningsprogramma for å trygge søkeringa til dei attverande. Tiltaket vil gi eit meir stabilt arbeidsmiljø og minske faren for overtal. Næraste tilbod med BA blir etter dette Sunndal vgs. Tiltaket samsvarer med framlegg til ny skolebruksplan.

Tingvoll vgs, Ikkje tilby Bygg- og anleggsteknikk (BA)

I skolebruksplanen er Tingvoll vgs dimensjonert med ei halv klasse pr. nivå på Bygg og anleggsteknikk. Dette er også ført vidare i sak UD 4/19 «Ny yrkesfagleg struktur – forslag til plassering av tilbod», med det nye programområdet «Tømrar» på Vg2. I skoleåret 2019/20 var det ikkje nok søkerar til sette i gang nokon av desse klassene og kapasiteten elles i regionen er vurdert som god nok til at ein ikkje treng å oppretthalde tilboden ved Tingvoll vgs.

Isolert sett kan det sjåast som negativt for skolen at det blir færre valmogelegeheter for elevane, men på den andre sida er det negativt både for tilsette og elevar når det er knytt så stor usikkerheit til om tilbodet vert sett i gang eller ikkje.

Tingvoll vgs, Ikkje tilby Medium og kommunikasjon (ME)

Utdanningsprogrammet er under avvikling på grunn av manglande søking. I skoleåret 2019/20 er det kun 2 elevar på Vg3 som er igjen. Dette tiltaket samsvarar med framlegg til skolebruksplan 2020-2022.

Tingvoll vgs, Ikkje tilby Helse og oppveksfag (HS)

Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- HS Vg1 – 10 elevar
- Vg2 Helsearbeidarfag – 11 elevar

Det var berre tre primærskolarar med ungdomsrett til vg1 så klassa skulle normalt sett ikkje vore sett i gang, men klassene har blitt fylt på med vaksenrettelevar gjennom samarbeid med Tingvoll kommune , slik at totalt elevtal i dei to klassene kjem opp i 10 og 11.

Skolen har gode praksisplasser med eit nært samarbeid med kommunens institusjonar. Innan helsearbeidarfaget garanterer kommunen lærlingplass for kvalifiserte søkerar.

Vi vel derfor å behalde dette tilbodet sjølv om søkera har vore svak, og dimensjonerer heller noko ned ved Kristiansund vgs. I Kristiansund har det vore vanskeleg å få nok læreplassar i Helsearbeidarfag, medan kvalifiserte elevar i Tingvoll er garanterte læreplass. Denne vurderinga er gjort ut frå eit heilskapsomsyn.

Dersom Tingvoll vgs skal oppretthaldast er det viktig å ha nokre tilbod å velje i for elevane.

Konsekvensar Nordmøre

Konsekvensane for Nordmøre er følgande kutt i tilbod/elevplassar. Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar og alle trinn:

- Kristiansund vgs KD – 23 elevar
- Kristiansund vgs HS – 15 elevar
- Sunndal vgs, Vg2 Industrieknologi – 0 elevar.
- Sunndal vgs EL – 27 elevar
- Surnadal vgs BA – 14 elevar
- Tingvoll vgs BA – 0 elevar
- Tingvoll vgs ME – 2 elevar
- Kristiansund vgs YSK - 37 elevar

Andre tiltak. Elevtal ved 2.inntak 2019/20, alle rettar:

- Redusere klassesett på MD (Konsekvens i 2019/20, ville vore om lag 25 færre elevar på utdanningsprogrammet ved Atlanten vgs). *Dette tiltaket er ikkje tatt med i innstillinga. Sjå omtale i eige kapittel under «Tiltaksområde 2».*

Tiltaka ved Sunndal og Surnadal vgs er konsekvensen av ein nedgang i elevtal som skolane allereie har begynt å merke. Surnadal vgs har stabilisert seg, men for Sunndal vil det framleis minke i nokre år. I staden for å halde alle tilbod i gang med påfølgande uvisse for både elevar og tilsette om det blir nok søker frå eine året til andre, er det anbefalt å satse på ein litt slankare struktur ved skolane. Negative konsekvensar , er at skolane truleg vil miste nokre elevar som følgje av det, men til dømes for elektrofag har 60% av søkerane eit anna tilbod ved Sunndal vgs som 2.val, og ikkje alle som dreg fer til ein av byskolane, men vel Surnadal vgs. På same måte vil truleg Sunndal vgs få nokre av dei potensielle BA-søkerane frå Surnadal.

Når det gjeld dei endringane som er føreslegne for Kristiansund og Atlanten vgs, vil ikkje dei føre til mindre elevar på dei to skolane, men ei viss omfordeling mellom utdanningsprogram og skolane. Den store utfordringa vil kome frå om lag 2027 og utover då elevtalet er forventa å gå ganske kraftig ned ved begge skolane. Dette kan bli noko kompensert dersom det blir endringar i strukturen i indre delar av regionen.

Tingvoll vgs har så lav søking til dei yrkesfaglege utdanningsprogramma sine at det er krevjande å få kontinuitet i tilboda. Som det kjem fram av vurderingane er det å oppretthalde HS ved skolen meir som eit ekstra tiltak for at det skal vere noko igjen å söke på. Elevtalsprognosane peikar fram i mot ein ytterlegare elevtalsnedgang i dei komande åra og dersom det skulle bli berre to utdanningsprogram att å söke på, kan skolen bli så lite attraktiv at det blir ei sjølvforsterkande negativ utvikling. For å redusere administrasjonskostnadane for så få elevar, kan det vere fornuftig å vurdere administrativt samarbeid med Sunndal vgs.

Tilbod i berre to regionar

Etter at Volda vgs fekk oppretta KD, har alle utdanningsprogramma vore representerte i kvar av dei fire skoleregionane. Nokre av utdanningsprogramma er totalt sett så lite sökt, at vi vurderer det som akseptabelt å tilby kvar av dei i to av dei fire regionane. To av desse utdanningsprogramma er ME og KD.

Medium og kommunikasjon (ME)

Det er i dag tilbod om utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon ved ein skole i kvar av dei fire regionane. (På Nordmøre har det vore to, men tilboden ved Tingvoll vgs er under avvikling.) Dei fire skolane er (Tal på elevar etter 2.inntak 2019/20 – Alle rettar):

- Volda vgs (64)
- Ålesund vgs (70)
- Molde vgs (94)
- Kristiansund vgs (49)

Elevtalet i Kristiansund, kunne vore noko høgare, men skolen har valt å avgrense inntaket til $\frac{1}{2}$ klasse pr. nivå for å tillegg kunne oppretthalde ei $\frac{1}{2}$ klasse Kunst, design og arkitektur(KD).

Kunst, design og arkitektur (KD)

Det er i dag tilbod om utdanningsprogrammet Kunst, design og arkitektur ved ein skole i kvar av dei fire regionane. Dei fire skolane er (Tal på elevar etter 2.inntak 2019/20 – Alle rettar):

- Volda vgs (29)
- Fagerlia vgs (Ålesund) (55)
- Molde vgs (42)
- Kristiansund vgs (23)

Volda vgs har hatt tilboden i berre to år og manglar derfor elevar på Vg3. Kristiansund vgs manglar elevar på Vg2.

Samla vurdering

Vi har valt å sjå desse to utdanningsprogramma i samanheng og foreslår følgjande fordeling mellom skolane/regionane:

- Medium og kommunikasjon blir lagt til Volda vgs og Kristiansund vgs.
- Kunst, design og arkitektur blir lagt til Fagerlia vgs og Molde vgs

Volda er eit naturleg val for plassering av ME på Sunnmøre med tanke på journalist- og medieutdanninga ved Høgskulen i Volda. Fordelinga mellom Molde og Kristiansund er gjort mest på bakgrunn av at det på Nordmøre truleg vil vere krevjande å oppretthalde stabil nok söking til KD, medan det er realistisk å fylle ei klasse for ME.

Største konsekvensen av samanslåingane vurdert på fylkesnivå kan bli at begge utdanningsprogramma samla sett vil få færre søkerar. Ut i frå 2.ønska til elevane, ser det ut til at elevane i stor grad vil velje andre tilbod

innanfor regionen framfor å flytte/pendle ut av regionen. Det er gjort fleire vurderingar av lokale konsekvensar under kapitla om tiltak i kvar av regionane.

Klassereserve

6	Klassereserve til disposisjon			5	10	15
---	-------------------------------	--	--	---	----	----

I tabellen med oversikt over tiltak er det lagt inn ein post kalla «Klassereserve». I dette ligg det at vi må ha ein buffer for å opprette eller utvide tilbod slik at vi sikrar at vi har tilbod til alle elevane. I forslaga slik dei ligg no, har vi samla sett redusert kapasiteten slik at med tilsvarende søking som i skoleåret 2019/2020 har ein fjerna tilbod som 650 elevar nyttar seg av (utan MD). Innsparingspotensialet i dette, ligg i at desse elevane vil fordele seg og fylle opp plassar som er ledige i andre klasser. Ein har i vurderinga av dei enkelte tiltaka forsøkt å belyse noko om kva som er sannsynlege endringar i søkemønsteret når ein tek vekk enkelte tilbod og om det vil bli behov for ekstra klasser, men ikkje alt kan føreseia og det er derfor viktig å sette av ein reserve for å kunne opprette nye klassar der søkera gjev grunnlag for det. Ein slik klassereserve har vi også i dag fordi ein må opprette nye klasser etter at søkerata er klare, då vala til elevane ikkje alltid er i samsvar med vedteken skolebruksplan (sjå sak UD-8/19 om kapasitetsjustering).

Tiltaksområde 4: ADMINISTRATIV SAMANSLÅING AV SKOLAR

Generelle vurderingar

Ved å slå saman leiing og administrasjon/merkantile tenester kan ein behalde lokalisasjonane, men gjere innsparingar i administrative stillingar. Leiarstillingar på små skolar er gjerne kombinert med undervisning. Det er samtidig krav om like mykje dokumentasjon og rapporteringar på ein liten skole som på ein stor skole der ein kan fordele dette arbeidet på fleire stillingar i administrasjonen. Ved slike samanslåingar må ein likevel framleis ha lokal leiing. Vi har også i dag skolar med ulike lokalisasjonar. Ålesund vgs med Latinskolen og Voldsdalsberga og Herøy vgs med avd. Vanylven er døme på dette. Romsdal og Borgund vgs har også fengselsundervisning.

I desse tiltaka må ein lage gode planar for gjennomføring, der involvering av tilsette er svært viktig. Her må ein ta omsyn til at skolane er ulikt organisert, t.d. i forhold til korleis oppgåver er fordelt mellom administrativt og merkantilt personell. Avtaleverket gir føringar for drøftingar med tillitsvalde (tidlegare omtalt rettleiar), og desse tiltaka blir derfor tidlegast aktuelle frå hausten 2021. Det vil også i dette tiltaket ta tid å hente ut den økonomiske effekten, då dette har samanheng med den overordna målsettinga for personalpolitikken som det vart vist til i innleiinga.

Det positive med slike tiltak er at lærarane på små skolar blir ein del av eit større fagmiljø som dermed også blir mindre sårbart, og det blir i nokre tilfelle lettare å bruke lærarressursar på tvers av skolane slik at ein kan unngå overtal. Det kan også styrke spesialkompetansen hos personalet og gi nokre stordriftsfordelar t.d. på merkantile funksjonar.

På sikt kan ein også sjå for seg at det vil vere nyttig å arbeide for fleire felles administrative løysingar i skoleregionane, t.d. når det gjeld eksamensavvikling, dokumentasjon m.m.

Nedlegging av tilbod (tiltaksområde 3) i større omfang kan føre til ei utarming av skolane og kan dermed vere ein større trussel for arbeidsplassane enn ei styrt samanslåing som kan gi betre mogelegheiter for dei tilsette. Dette er viktig å ha med seg i vurderinga når ein skal velje tiltak.

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
4	Administrativ samanslåing Fagerlia vgs og Ålesund vgs	0	4	6	8

	Administrativ samanslåing Romsdal vgs og Fannefjord vgs	0	1	1	1
4	Administrativ samanslåing Borgund vgs og UPA skole	0	1	1	1
	Sum tiltaksområde 4	0	6	8	10

Tiltak

UPA skole og Borgund vgs.

UPA skole er eit skoletilbod til ungdommar som er innlagde i Ungdomspsykiatrisk sengepost (UPD) ved Ålesund sjukehus. Sengeposten tar imot ungdom med alvorlege psykiske lidinger og har plass til ti ungdommar i alderen 12 til 18 år frå heile Møre og Romsdal. UPA skole gir pedagogisk tilbod til desse ungdommane i samråd med og etter avtale med behandlerane. Dei siste åra har skolen også gitt skoletilbod til heimebuande ungdom som går i poliklinisk behandling i psykisk helsevern for barn og unge (BUP).

Alder på målgruppa gjer at UPA skole gir skoletilbod for elevar i barne- og ungdomsskolen i tillegg til på vidaregåande, og det varierer kor lenge elevane har tilbod ved skolen. Talet på elevar, kven som er elevar og kor lenge dei er elevar varierer derfor gjennom skoleåret. Skoleåret 18-19 gav UPA skole tilbod til totalt 50 elevar.

Skolen er ein del av det heilsakplege tilbodet ungdommane får ved UPD gjennom observasjon, kartlegging og undervisning. All undervisning er tilpassa den enkelte elev. Dei samarbeider med heimskolen til elevane, både dei som er innlagde ved UPD og dei som får behandling ved BUP. I tillegg gjennomfører skolen pedagogisk kartlegging og rådgjeving til heimskolane når det gjeld vidare tiltak for elevane, sidan dei fleste av desse elevane har vanskar i skolekvardagen sin.

I tillegg til dagleg samarbeid med UPD, samarbeider skolen tett mellom anna med føresette, heimskolane, og tilvisande instansar som BUP, PPT og barnevern.

Skolen har rektor, ass.rektor og 50% merkantil stilling, og har totalt 6,3 årsverk. Dei fleste lærarane har spesialpedagogisk kompetanse i tillegg til høg kompetanse på psykisk helse. Ved å få felles leiing med Borgund, vil den administrative ressursen ved UPA skole kunne reduserast til ein avdelingsleiar. UPA skole har også stor kompetanse i lærarkolleget på mange felt som Borgund kunne dra nytte av.

Fannefjord og Romsdal vgs

Fannefjord vgs driv opplæring for elevar som treng ekstra tilrettelagt opplæring og har skjermingsbehov på grunn av psykiske og sosiale vanskar. Skolen har ei vidaregåande avdeling i Molde sentrum, i tillegg til ei grunnskoleavdeling ved Knausen distriktspsykiatriske senter (DPS) som underviser barn innlagt ved familieseksjonen. I tillegg til inntak av elevar gjennom det ordinære inntakssystemet, tar Fannefjord inn elevar gjennom året for å fange opp elevar i målgruppa som fell ut av ordinære vidaregåande skolar. Gjennom individuelle inntakssamtalar før oppstart, vert det laga tilpassa opplegg for kvar enkelt elev ut frå helsetilstand og kapasitet. Skolen samarbeider tett med støtteapparatet rundt elevane, t.d. BUP, PPT, OT, barnevern, fastlegar, kommunal ressursteneste, NAV og habiliteringstenesta. Skolen har tilbod på Vg1 Studiespesialisering, Vg1 Helse- og oppvekstfag, Vg3 Påbygg og Studiekompetanse etter 23/5-regelen i tillegg til grunntkompetansetilbod. Skolen kan også gi nokre tilbod på Vg2-nivå der elevar har behov for det.

Skolen har rektor, ass.rektor, avdelingsleiar og ei merkantil stilling. I leiarstillingane ligg det også undervisning. Det er åtte pedagogiske stillingar (inkludert rådgjevar) ved den vidaregåande avdelinga i tillegg til leiinga og ein elevassistent. I tillegg er det tre pedagogar ved grunnskoleavdelinga. Totalt har skolen 14 årsverk. Personalalet har høg kompetanse på psykiske vanskar og tilrettelagt undervisning.

Skoleåret 18-19 hadde skolen registrert totalt 76 elevar ved den vidaregåande avdelinga på slutten av året, og i tillegg hadde grunnskoleavdelinga 40 elevar gjennom skoleåret. Skolen har opplevd auka søking dei siste åra, og dette skoleåret var det fleire elevar på venteliste som ikkje kom inn fordi det ikkje var plass i gruppene. Skoleåret 18-19 hadde skolen elevar frå 15 ulike kommunar i fylket, det same talet kommunar som i 17-18.

Ved å få felles leiing med Romsdal, vil den administrative ressursen ved Fannefjord kunne reduserast noko.

Ålesund og Fagerlia vgs.

Ålesund vgs driv i dag i hovudsak undervisning ved to lokalisasjonar; Voldalsberga og Latinskolen. I tillegg har Vg2 Maritime fag tatt i bruk nye lokale ved Norsk maritimt kompetansesenter.

I sak T38/13 «Ny Ålesundsstruktur – Utviklingsplanar for skolane i Ålesund», vart det vedteke eit «Alternativ 1» med følgjande større endringar i utdanningstilbod for Ålesund vgs:

- Idrettsfag blir flytta til Spjelkavik vgs
- Teknikk og industriell produksjon blir flytta til Fagerlia vgs.
- Naturbruk blir flytta til Fagerlia vgs.
- Musikk, dans og drama blir tilført Ålesund vgs frå Fagerlia vgs.

I dette vedtaket låg det inne som føresetnad at den nye Sørsida-skolen skulle byggast i Ålesund sentrum.

Skolen skulle innehalde nye Ålesund vgs og kulturskolen i Ålesund og vere et bidrag til byutviklingsprosjektet Sørsida i Ålesund.

Status er som følger for dei vedtekne endringane:

- Spjelkavik vgs er ferdig utbygd til å kunne ta i mot Idrettsfag, men nødvendig idrettshallkapasitet er framleis ikkje på plass.
- Det er vedteke at praksisanlegg for Naturbruk skal lokaliserast til Gangstøvika når det blir overført til Fagerlia, men dei har framleis tilhald på Voldalsberga og ligg under Ålesund vgs.
- Musikk, dans og drama er framleis ved Fagerlia vgs. Dette er naturleg sidan Ålesund kulturskole har sine lokale ved Fagerlia og samarbeider med skolen om lokale og lærarar.

I sak UD 32/16 «Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal», viser ein til reviderte elevtalsprognosar som viser behov for færre elevplassar ved dei vidaregåande skolane i Ålesund enn det som vart lagt til grunn i 2013 når utviklingsplanane vart vedtekne. På bakgrunn av dette vart det anbefalt å ikkje lenger tilby Studiespesialisering ved Ålesund vgs og heller satse på to store og solide Studiespesialiseringande miljø ved Fagerlia vgs og Spjelkavik vgs. Dei reviderte elevtalsprognosane i samband med P6-prosjektet i 2019 og dagens søkermønster styrker igjen grunnlaget for denne anbefalinga. Ei innvending som har vore brukt mot denne anbefalinga, er at dersom dei studiespesialiseringande tilboda blir flytta ut av byen, vil ein stor del av elevane velje private alternativ i sentrum. Søkedata frå 2019 viser at dette ikkje stemmer. Berre 6% av dei som har søkt Studiespesialisering ved Ålesund vgs, har private vidaregåande tilbod som 2.val.

I sak UD 4/19 «NY yrkesfagleg struktur – forslag til plassering av tilbod», har følgjande vedtak konsekvensar for Ålesund vgs:

- Ålesund vgs skal ha to klasser på det nye utdanningsprogrammet IKT og Medieproduksjon:
 - Vg1 IKT og medieproduksjon – 15 elevar
 - Vg2 IKT-servicefag – 15 elevar
- Ålesund vgs skal ha fire klasser på det nye utdanningsprogrammet Sal service og reiseliv:
 - Vg1 Sal service og reiseliv - 30 elevar(2 klasser)
 - Vg2 Sal og reiseliv – 15 elevar
 - Vg2 Service og sikkerheit – 15 elevar
- Vg2 Transport og logistikk vert plassert på Borgund vgs (Flytta til utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon)

Dersom vi ser alt dette i samanheng med framlegga i denne saka, altså å fjerne tilbodet om YSK i heile fylket, berre tilby ME på Nordmøre og Søre Sunnmøre og etter kvart å legge all studiespesialisering til Fagerlia og Spjelkavik vgs, vil Ålesund vgs sitte att med eit tilbod som ser om lag slik ut:

- IKT og medieproduksjon – 30 elevar
- Sal, service og reiseliv – 60 elevar

Dersom ny kulturskole blir bygd i Ålesund sentrum og MD flytta frå Fagerlia til Ålesund vgs vil det bety ytterlegare 90 elevar (Føreset vedtak om reduksjon for MD).

Ut i frå desse tala, bør ein vurderer ei samanslåing mellom Ålesund og Fagerlia vgs. Dersom vi legg til grunn at Spjelkavik vgs fyller opp sin maks. kapasitet på 810 elevar, må den nye samanslåtte skolen ha ein kapasitet på ca. 1 200 elevar for dekke opp for det forventa talet på elevar med ungdomsrett i 2025. Etter at BT1 er ferdig i 2020 vil det vere tilgjengeleg i overkant av 1000 elevplassar ved Fagerlia vgs. I dette ligg det at det berre blir Studiespesialisering ved Fagerlia og Spjelkavik vgs.

Elevtalsprognosane som ligg ved saka viser at det for Ålesund kjem ein topp i ca 2027, men at elevtalet vil vere tilbake på dagens nivå innan 2033. På denne bakgrunnen bør ein truleg vere tilbakehaldne med å bygge ut kapasiteten ytterlegare og fokusere på vedlikehald og utvikling av bygg ein skal ha med vidare. Det må vurderast om ein skal ha med seg Latinskolen og/eller delar av bygningsmassen på Voldsdalsberga til ein er over den forventa elevtalstoppen. Korleis dette konkret skal løysast, med ein eller fleire lokasjoner, om ein skal bygge kulturskole saman med Ålesund kommune osv. ligg ikkje til denne saka å ta stilling til.

Ålesund vgs har i dag 117 tilsette fordelt på 106,88 årsverk. Leiinga består av rektor, ass.rektor, 5 fagleiarstillingar i tillegg til ei leiarstilling og ei arbeidsleiarstilling. Skolen har 3,5 konsulentstillingar i tillegg til 0,53 sekretærstilling.

Ein kan oppnå følgjande effektar ved å slå dei to skolane saman:

- Meir kostnadseffektiv administrasjon og leiing
- Større breidde i programfagtilbodet
- Betre utnytting av spesialkompetanse i kollegiet
- Betre oppfylling av klasser

Tiltaksområde 5: LEGGE NED/SLÅ SAMAN SKOLAR – IKKJE PRIORITERTE TILTAK

Generelle vurderingar

Som nemnt tidlegare i saka vil valet om å bevare dagens skolestruktur ha konsekvensar både på kort og lengre sikt som det er viktig å vere klar over. Ei kartlegging av avvik knytt til lov og forskrifter, mellom anna brann og elektrisk, viser eit akutt behov på om lag 100 mill. Dette er avvik som må lukkast så snart som råd. Vidare er det avdekt eit akutt vedlikehaldsbehov på eksisterande bygningar på om lag 400 mill. som må lukkast innan maksimalt 5 år. Andre vedlikehaldsbehov på om lag 500 mill. bør vere lukka innan 10 år. Dette er nærmere omtalt i vedlegg 2.

I dei følgande forslaga ligg det store potensielle innsparinger på byggsida, både i reduksjon av utgifter til drift og vedlikehald, men også i reduksjon av framtidig investeringsbehov. Desse forslaga er ikkje med i framlegg til vedtak, men det er likevel viktig kunnskap å ha med seg.

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
5	Administrativ samanslåing Sykkylven vgs og Stranda vgs*	0,7	10	23,3	23,3
5	Legge ned Tingvoll vgs*		8	17,6	17,6

5	Legge ned Gjermundnes vgs*		11,6	27,8	27,8
	Sum tiltaksområde 5	0,7	29,6	68,7	68,7

* betyr at tiltaket er utgreidd, men ikkje med i framlegg til vedtak.

Tiltak

Stranda og Sykkylven vgs

I denne saka er det er det forslått følgande tiltak for Stranda vgs:

- Ikkje tilby Restaurant- og matfag (6 elevar, 2.inntak 2019/20, alle rettar)
- Ikkje tilby Vg2 Helsefagarbeidar (7 elevar, 2.inntak 2019/20, alle rettar)

Dersom desse tiltaka blir vedtekne vil Stranda vgs sitte att med følgjande tilbod (Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar. Med RM og HS, totalt 182 elevar):

- Helse og oppvekstfag(HS) Vg1 – 15 elevar
- Idrettsfag(ID) Vg1-Vg3 – 114 elevar
- Studiespesialisering(ST) Vg1-Vg3 – 40 elevar

Stranda vgs har 35 tilsette fordelt på 34,69 årsverk. Leiinga består av rektor, ass.rektor og ein fagleiar (avdelingsleiar). Skolen har to konsulentstillingar.

På same måte som ved Tingvoll vgs, er grunnstammen i studietilbodet dei studieførebuande utdanningsprogramma, Idrettsfag og Studiespesialisering. Det som skil dei, er at Stranda vgs har eit langt større og meir slagkraftig idrettsfagtlig tilbod. Saman med ST har dei nesten to fulle klasser på kvart nivå.

Det einaste føreslegne tiltaket for Sykkylven vgs, er å ikkje lenger tilby Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget ved skolen. Dette vart heller ikkje sett i gang 2019/20 og det er dessutan anbefalt å redusere omfanget totalt sett i fylket på grunn av mangel på læreplassar. Sykkylven vgs har i dette skoleåret følgjande utdanningsprogram (Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar, totalt 230 elevar):

- Elektrofag(EL) Vg1-Vg3 – 36 elevar
- Helse og oppvekstfag(HS) Vg1-Vg2 – 22 elevar
- Påbygg(PB) Vg3 – 24 elevar
- Studiespesialisering(ST) Vg1-Vg3 – 113 elevar
- Industrieknologi(TP) Vg1-Vg2 – 35 elevar

Sykkylven vgs har 45 tilsette fordelt på 38.78 årsverk. Leiinga består av rektor, ass.rektor og tre fagleiarar (avdelingsleiarar). Skolen har fire konsulentstillingar.

Skolen har i tillegg prøvd å starte opp eit studieførebuande løp innanfor Elektrofag, men fekk ikkje søkerar nok til at dette kunne sette i gang. Som det kjem fram av oversikten over tilboden, er det både likskapar og ulikskapar mellom dei to skolane. Dei har to like utdanningsprogram med HS og ST, men utfyller også kvarandre ved at Sykkylven har meir breidde i yrkesfaga med EL og TP og tilbyr også Påbygg, medan Stranda vgs har eit ekstra studieførebuande program med idrettsfag.

På grunn av at skolane ligg så nære kvarandre, har det vore naturleg å gjere nokre vurderingar rundt mogelege måtar dei kan samhandle på. Ein kan sjå føre seg at dette kan skje på fleire ulike nivå, alt frå fortsatt drift på to lokalisasjoner med felles leiing/administrasjon til full samanslåing ved ein av dagens lokalisasjoner (Stranda eller Sykkylven). Innanfor rammene av denne saka er det ikkje mogeleg å gjere ei fullverdig utgreiing av ei så kompleks og omfattande sak, men vi har nokre funn og vurderingar som kan bidra til å belyse saka.

Arealanalyser viser at begge skolane har svært god kapasitet i høve til dagens elevtal og tilbod, Sykkylven om lag 20% overkapasitet og Stranda om lag 40%. Dersom ein skulle velje ein av skolane som lokalisasjon ved full samanslåing av dei to skolane, ser det ut som Sykkylven vgs har den bygningsmassen som ville egne seg best. Dersom ein ser bort i frå RM, som det ville vere lite aktuelt å bygge nytt for med så spinkelt elevgrunnnlag, har

skolen, teoretisk sett, nok areal for ei slik samanslåing. Stranda vgs har vedlikehaldsbehov på om lag 40 mill. som må utbetraast i løpet av dei neste 10 åra (vedlegg 2).

75% av dei som søkte Stranda vgs er frå enten Sykkylven eller Stranda kommune. 22% av søkerane er frå Norddal eller Stordal kommune. I ein situasjon der Stranda vgs ikkje lenger var eit alternativ, er det grunn til å tru at mange av desse vil søke skolar i Ålesund framfor Sykkylven vgs. Av søkerstatistikken kan vi sjå at 22% av søkerane har skolar i Ålesund som 2.ønske. Det er grunn til å tru at mange av desse er søkerane frå Norddal og Stordal (og dei søkerane frå Stranda kommune som er busette på andre sida av fjorden). Dersom ein legg som føresetnad å behalde Idrettsfag ved ein samanslått skole lokalisert i Sykkylven, ser det ut til å vere potensiale for at om lag 60% av dei som i dag søker Stranda vgs vil velje Sykkylven.

Dersom ein skulle velje Stranda som lokalisering for ein felles skole, viser det seg at 39% av søkerane til Sykkylven vgs har skolar i Ålesund som sitt 2. ønske, medan 20% har Stranda vgs og 36% har andre tilbod ved Sykkylven vgs. Ein kan derfor seie at motsett veg vil potensiale vere at 56% av dei som søker Sykkylven vgs i dag vil søke eit tilbod ved Stranda vgs. Dette kan vere eit noko optimistisk utgangspunkt fordi det for mange av dei som bur i Sykkylven, vil vere om lag den same reisetida til ein av dei vidaregåande skolane i Spjelkavik som til Stranda vgs, medan dei som bur i området rundt sentrum av Stranda vil få dobbelt så lang reisetid ved å reise til Spjelkavik som til Sykkylven vgs. Kollektivtilboden til og frå Ålesund/Spjelkavik er vurdert til å vere rimeleg godt for både Sykkylven og Stranda med avgangar om lag kvar time på dagtid. På ordinære bussavgangar er reisetida om lag ein time og 40 min frå Stranda til Spjelkavik sentrum og om lag 50 min frå Sykkylven. Busstida frå Stranda til Sykkylven er om lag 50 min. Med meir målretta skoleskyssruter vil ein truleg kunne få ned reisetida noko. Dette er ikkje utreda.

Som det går fram av prognosane for elevtalsutvikling, er desse to skolane mellom dei ein forventar størst nedgang på. Størst nedgang i framskrivingane er det for Stranda vgs med 20 prosent. I framskrivingane er det 164 elevar i 2020 og 132 elevar i 2030. På Sykkylven vgs er det forventa ein nedgang på 12 prosent til 191 elevar i 2030.

På bakgrunn av dette, kan det vere eit smart trekk å samle skolane for å få eit meir robust tilbod med større breidde og fleire elevar på kvart utdanningsprogram. Med tanke på innsparinger, vil den viktigaste gevinsten ligge i å slå saman dei like utdanningsprogramma (ST og HS) og kutte i talet på klasser. Dersom ein skal fortsette drifta på to lokalisasjoner, vil ein kunne gå glipp av nokre av gevinstane ei samanslåing kan gje:

- Ein arealbruk som er tilpassa elevtal og tilbod.
- Færre klasser for same elevtal og tilbod.
- Mulegheit for breiare programfagtilbod.
- Innsparing på ressursar til adminstrasjon og leiing.

Av negative konsekvensar ved å velje ein lokalisasjon, kan ein nemne:

- Nokre elevar får lengre reisetid og kanskje fleire vil velje å bu på hybel.
- Tap av arbeidsplassar og konsekvensar av dette for ein av kommunane.

Ut i frå reine bygningsmessige vurderingar, ser Sykkylven vgs ut som eit betre alternativ enn Stranda. Sykkylven vgs har meir tilgjengeleg areal og kan truleg ha plass til ein samanslått skole utan å trenge nybygg, men det kan vere behov for ombyggingar. Dette må greiaast ut vidare, dersom dette skulle bli aktuelt. Det er og tilgjengeleg verkstadareal i eit heilt anna omfang enn ved Stranda vgs. Det er då lagt som føresetnad at ein ikkje tilbyr RM. Om ein skal oppretthalde idrettsfagtilboden, men lokalisert til Sykkylven vgs vil ein måtte bruke meir tid, og få større kostnader til skyss til og frå Strandafjellet. Det må også avklarast om ein kan rekne med å få avsett nok tid i idrettshall i Sykkylven, eller om ein framleis må nytte seg av hallkapasitet på Stranda.

For alternativ med felles skole i Sykkylven er det estimert ekstra kostnader til skoleskyss på 1,4 mill. Då er eventuelle kostnader med transport til skianlegg ikkje teke med. Ved delt lokalisasjon og for eksempel behalde Idrettsfag på Stranda, er ekstra kostnader estimert til om lag 1,3 mill.

Tingvoll vgs.

I denne saka er det er det forslått følgande tiltak for Tingvoll vgs:

- Ikkje tilby Bygg- og anleggsteknikk (14 elevar, 2.inntak 2019/20, alle rettar)
- Ikkje tilby Medium og kommunikasjon (2 elevar, 2.inntak 2019/20, alle rettar)

Det har vore ei viktig føring for arbeidet med saka, at ein skal greie å få til dei pålagde innsparingane utan å endre skolestrukturen i fylket. For å oppnå så store innsparingar utan skolenedleggingar, er det viktigaste grepet å redusere talet på klasser ved å fylle opp dei eksisterande klassene utan å opprette nye. For Tingvoll vgs sitt vedkomande er dette utfordrande. Som det kjem fram av tiltakslista, er utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon under avvikling, med berre to elevar igjen som fullfører 3.året. Bygg og anleggsteknikk, som ikkje har elevar i skoleåret 2019/20, er også foreslått lagt ned.

På utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag var det i 2019/20 tre primærskolarar med ungdomsrett til vg1 så dersom vi skulle likebehandla Tingvoll med dei andre skolane, ville også dette utdanningsprogrammet stått på tiltakslista, men vurderinga er at dersom Tingvoll vgs skal bestå, bør dette tilbodet oppretthaldast. Vi ser også at klassene blir fylt på med vaksenrettelevar gjennom samarbeid med Tingvoll kommune, slik at totalt elevtal i dei to klassene kjem opp i 10 og 11.

Grunnstammen i skolen er dei studieførebuande utdanningsprogramma:

- Idrettsfag Vg1-Vg3 – 49 elevar (2. inntak 2019)
- Studiespesialisering Vg1-Vg3 – 33 elevar (2. inntak 2019)

Dersom det berre er desse to tilboda skolen sit att med, vil det kunne svekke det faglege miljøet så mykje at det er vanskeleg å sjå for seg fortsatt skoledrift som sjølvstendig skole. Eit alternativ til full nedlegging kan vere vidare drift av desse to utdanningsprogramma(og kanskje HS i tillegg) med administrativt samarbeid med ein annan skole. Som nemnt tidlegare vil då det mest naturlege vere Sunndal vgs. Leiinga ved Tingvoll består no av rektor og to fagleiarar (avdelingsleiarar), og skolen har ei konsulentstilling.

Det vil etter kvart også vere eit problem at skolen disponerer eit areal som er alt for stort til eit tilbod i dette omfanget. Skolen har allereie i dag ein overkapasitet på 110%. Ei oppgradering av skolen og tilpassing til dagens elevtal er kostnadsrekna til om lag 80 mill. (Utviklingsplan 2017). Vedlikehaldskostnadene vil vere 20-25 mill. på 5-10 års sikt dersom ikkje tiltak i utviklingsplan vert gjennomført (vedlegg 2).

Søkartala viser at av søkerane til Vg1 på Tingvoll vgs, har om lag 1/3 av dei andre tilbod ved eigen skole som 2. ønske medan resten spreier seg ut over fleire skolar i og utanfor regionen. Dei fleste til Kristiansund vgs, Atlanten vgs og Sunndal vgs, men ikkje på nokon av skolane så mange at dei genererer noko press, eller behov for ekstra klasser. Elles viser tala at det samla sett berre er omlag 40% av 10.klassingane i Tingvoll kommune som søker til Tingvoll vgs, dei fleste andre til Kristiansund. Dette har nok å gjøre både med manglande breidde i tilboden ved Tingvoll vgs og at det for mange av elevane i kommunen er akseptabel pendleavstand til andre skolar. Det var i 2019 101 primærskolarar (alle rettar) med Tingvoll vgs som 1.ønske. Av desse var 67 frå Tingvoll, 16 frå Sunndal medan resten i hovudsak var frå andre Nordmørskommunar . Det er ein dårleg situasjon både for elevar og lærarar at det er knytt stor uvisse til om einskilde tilbod vert sett i gang frå år til år. Det vil også vere utfordrande å oppretthalde den faglege kvaliteten på tilboda.

Samstundes sit det langt inne å forslå nedlegging av ein skole med dei konsekvensane det vil ha for ei lita kommune som Tingvoll. Tingvoll vgs er ei viktig bedrift i kommunen med 30 offentlege kompetansearbeidsplassar fordelt på 25,64 årsverk (med dagens tilbod). På sikt kan tap av arbeidsplassar i eit slikt omfang også føre til fråflytting, særleg ved ta ein mister nye innbyggjarar som flyttar dit på grunn av arbeid.

Ekstra kostnader til skoleskyss ved ei slik strukturendring er kalkulert til om lag 2,5 mill.

Gjermundnes vgs.

Gjermundnes vgs har i dette skoleåret følgjande utdanningsprogram (Elevar ved 2.inntak 2019/20, alle rettar, totalt 125 elevar):

- Naturbruk(NA) Vg1-Vg3 – 87 elevar
- Påbygg(PB) Vg3 – 13 elevar
- Industrieknologi(TP) Vg1 – 25 elevar

Det var i dette skoleåret ikkje nok søkarar til å sette i gang Vg2 Industrieknologi. Det vart sett i gang ei ekstra klasse TP-Vg1 for å dekke opp behovet totalt i regionen. Ei analyse av søkerne til skolen viser at til saman 39% av søkerane kjem i frå Vestnes, Molde og Rauma. Dei resterande søkerane fordeler seg ut over heile fylket på til saman 23 kommunar til. Dette søkermønsteret viser at skolen i stor grad fyller den funksjonen den er tiltenkt som heile fylket sin landbrukskole, men er meir søker i frå vertskommunen og nabokommunane. Skolen er den siste vidaregåande skolen med eige internat(hybelhus) og tilbyr om lag 70 hybler for utleige. Dette saman med at skolen har ei sentral geografisk plassering gjer nok sitt til at den også blir brukt av elevar over heile fylket.

Skolen har store utfordringar med eit etterslep på nødvendige investeringar som står for tur. I sak T-71/17 vedtok Fylkestinget revidert utviklingsplan for Gjermundnes med ein totalsum på 140 mill.:

1. Oppgradering av internata med tanke på teknisk standard, universell utforming og meir tidsriktige løysingar.
2. Nytt storlefjøs utforma etter dagens krav og tilpassa for undervisning.
3. I tillegg til dette er det peika på fleire andre områder som har behov for oppgradering/utvikling: TPO-base, stall, verkstad for TP, samt diverse ombyggingar

Gjermundnes vgs har lange tradisjonar som ein viktig institusjon for landbruksnæringa i fylket og er også ein skole som folk har eit forhold til over heile fylket. Likevel ser ein at i høve til elevtal, er dette ein dyr skole å drifta og det er vanskeleg å prioritere nødvendige investeringar. Eit av tiltaka som har vore vurdert, men ikkje fremma i denne omgang, er derfor å legge ned skolen og å kjøpe plassar til dei av elevane våre som ønskjer å gå «grønt Naturbruk» i nabofylka våre.

Sidan elevane er fordelt på så mange kommunar, ser ein ikkje at dette direkte vil vere problematisk å ta unna for dei skolane dei fordelar seg på. Skolen har ein stor del elevar med behov for særleg tilpassing som ein må finne plass til ved andre skolar.

I den medrekna innsparinga er det teke høgde for kostnader til drift av to ekstra TP-klasser ved andre skolar (3 mill.) og 5 mill. til kjøp av plassar i andre fylkeskommunar.

OPPSUMMERING

I denne rapporten har vi forsøkt å finne innsparingstiltak som rammar elevane og kvaliteten i opplæringa deira i minst mogeleg grad. Målet har altså vore å finne dei tiltaka som gir mest effekt med minst skadeverknad både for elevane og dei tilsette, og samstundes ha fokus på at tilbodet og kvaliteten i den vidaregåande opplæringa samla sett i Møre og Romsdal skal vere best mogeleg. Vi skal ha relevante og framtidsretta tilbod som bidreg i rekrutteringa til lokal og regional arbeidskraft. Det blir svært viktig for regionen vår å oppretthalde den gode gjennomføringa for elevar og lærlingar gjennom satsing på gode læringsmiljø og god tilpassa opplæring. Det er derfor viktig at reduksjonen i driftsnivå skjer gjennom målretta tiltak, ikkje gjennom generelle kutt i budsjetta til alle skolane, då det er det som vil ramme kvaliteten i opplæringa til elevane hardast.

Det har vore eit mål å bevare dagens skolestruktur, men rapporten peikar også på viktige utfordringar dette fører med seg. I tillegg til at det er kostbart, vil utviklinga i elevtala framover forsterke dei problema vi allereie har i dag med mange små klasser, små og sårbare familjø og stor usikkerheit kvart år rundt kva tilbod som vil bli starta opp både for elevar og dei tilsette. Sjølv om vi i denne sakar har fokus på utfordringane i økonomiplanperioden 2020-23, er det likevel viktig å peike på dei meir langsiktige utfordringane den

demografiske utviklinga i regionen vår vil føre med seg. Om ein vel å ikkje gjere noko endringar i skolestrukturen no, kan ein likevel om få år måtte vurdere den på nytt sett i lys av dei demografiske endringane.

Det er viktig å få fram at alle tiltaka får konsekvensar, og det er gode argument for å behalde alt det blir foreslått å kutte i. Dersom ein tek ut fleire av tiltaka på dei første fire punkta i prioriteringslista og derfor ikkje kjem i mål i forhold til innsparingskravet, må ein altså vurdere tiltak som går på skolestrukturen. Men det er viktig å påpeike at konsekvensane er store for dei tilsette også ved omstilling av tilbodsstrukturen. Derfor har vi altså hatt mykje fokus på fordelinga av tilbod mellom skolane (tiltaksområde 3). Samling av tilbod på færre skolar kan gjere dei meir levedyktige, og unngå ei gradvis utarming av skolane som kan vere ein større trussel for arbeidsplassane. Ei styrt samanslåing av skolar (tiltaksområde 4) kan på mange måtar sikre dei tilsette betre, og dette er viktig å ha med seg i vurderinga når ein vel tiltak.

Ein reduksjon i driftsnivå i så stort omfang som vi ser her, vil uansett få konsekvensar for dei tilsette, og når det er gjort vedtak må ein derfor sikre god personalhandtering. Både på grunn av omsyn til personalet og planlegging av ein god og føreseieleg tilbodsstruktur for elevane, vil det ta tid å gjennomføre og få full effekt av tiltaka som blir lagt fram.

Omstillinga vil altså ta tid, og til dømes vil ein altså for 2020 berre få effekt av tiltak som ikkje vert sett i gang frå hausten. Målet om å få ned driftsnivået med 50 mill. blir derfor vanskeleg å nå i 2020, men i dette forslaget til tiltak vil ein likevel komme i mål med 100 mill. i løpet av økonomiplanperioda. Som det er vist i rapporten vil også nokre av tiltaka ha eit lenger perspektiv, t.d. der det krev investeringar i skolebygg for å få effekt av tiltaka. Vi må sikre at vi har eit tilbod til alle elevane, og klassereserven må brukast for å opprette nye klasser der det er behov for det. Føresetnaden for å klare innsparingskravet utan å gjere store grep på skolestrukturen er at alle dei andre tiltaka blir vedtatt. Det som vil få dei alvorlegaste konsekvensane for kvaliteten og gjennomføringa i vidaregåande opplæring er dersom kutt i denne størrelsen skal fordelast på alle skolane, fordi det vil svekke skolane si evne til å drive god tilpassa opplæring og tett oppfølging, ha gode elevnester og generelt oppretthalde den gode kvaliteten i opplæringa. Det er altså dette vi meiner vil ramme elevane, og da særleg dei svakaste elevane, hardast.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Tabell tiltak (frå sak—budsjett og økonomiplan)

Tiltaksområde	Tiltak	2020	2021	2022	2023
1	Ikkje tilby PC-stipend	2	2	2	2
1	Redusert administrasjon utdanningsavdelingen	2	2	3	3
1	Trekke inn ekstramidler forskerlinja Fagerlia vgs.	0,1	0,6	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramidler til toppidrett Volda vgs.	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Trekke inn ekstramidler til idrettsfag Stranda vgs.	0,3	1	1,7	2,1
1	Ålesund vgs ikkje tilby Entreprenørskap	0,1	0,3	0,5	0,7
1	Trekke inn ekstramidler entreprenørskap Atlanten vgs.	0,2	0,4	0,6	0,6
1	Seie opp avtalen med Tøndergård skole- og ressurscenter	2,1	2,1	5,2	5,2
Sum tiltaksområde 1		7	8,8	14,2	14,8
Tiltaksområde	Tiltak				
2	Redusere klassetall på Musikk, dans og drama	2,7	10,3	15,3	18,4
2	Ikkje tilby YSK-utdanning(Fræna vgs, Ulstein vgs, Haram vgs, Kr.sund vgs, Ålesund vgs)	2	6,9	11,7	15,8
2	Ikkje tilby VG2 i Skottland	0,6	1,5	1,5	1,5
2	Ikkje tilby IB-linjen Spjelkavik	1,1	4	5,7	5,7
2	Trekke inn ekstramidler til Vg3 språkopplæring		1,7	1,7	1,7
Sum tiltaksområde 2		6,4	24,4	35,9	43,1
Tiltaksområde	Tiltak				
3	Fræna vgs, ikkje tilby Restaurant - og matfag	0,7	2,2	2,8	3
3	Fræna vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Gjermundnes vgs,påbygging saman med Rauma	1,15	2,3	2,3	2,3
3	Gjermundnes vgs, ikkje tilby vg2 industriteknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Haram vgs, ikkje tilby vg2 kulde og varmepumpeteknikk	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Herøy vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,6	1,3	1,3	1,3
3	KDA samles ved Fagerlia vgs og Molde vgs	0,8	2,7	4,9	6,2
3	ME samles ved Volda vgs og Kr.sund vgs	0,7	2,7	5,1	6,7
3	Ørsta vgs, ikkje tilby DH	0,5	1,3	2,6	2,6
3	Ørsta vgs ikkje tilby RM(FT.vedtak 2014)	0,75	1,5	3	3
3	Stranda vgs, ikkje tilby RM	0,7	1,4	1,4	1,4
3	Stranda vgs, ikkje tilby vg2 helsearbeider	0,3	0,8	0,8	0,8
3	Sunndal vgs, ikkje tilby Elektrofag	0,5	1,4	2,7	2,7
3	Sunndal vgs, ikkje tilby vg2 industriteknologi	0,6	1,3	1,3	1,3
3	Surnadal vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,5	1,9	2,7	2,7
3	Sykylven vgs, ikkje tilby vg2 barne og ungdomsarb	0,5	1,3	1,3	1,3
3	Tingvoll vgs, ikkje tilby Bygg og anlegg	0,35	0,7	0,7	0,7
3	Kristiansund vgs, redusere kapasitet HO med 1 klasse	0,6	1,9	2,7	2,7
3	Tingvoll vgs, ikkje tilby vg3 Medier og kommunikasjon	0,3	0	0	0

	Effekt av Ålesundsstrukturen jmf.FT.vedtak				
3	05.14	0	3	6	6
3	Legge ned avdeling Vanylven ved Herøy vgs	3,75	9	9	9
	Sum tiltaksområde 3	15	40,6	54,5	57,6
Tiltaksområde	Tiltak				
4	adm.og merkantil samhandling Fagerlia vgs. og Ålesund vgs.	0	4	6	8
4	adm.og merkantil samhandling Romsdal vgs.og Fannefjord vgs.	0	1	1	1
4	adm.og merkantil samhandling Borgund vgs. og UPA vgs.	0	1	1	1
	Sum tiltaksområde 4	0	6	8	10
Tiltaksområde	Tiltak				
5	Slå saman Sykkylven og Stranda*	0,7	10	23,3	23,3
5	Legge ned Tingvoll vgs*		8	17,6	17,6
5	Legge ned Gjermundnes*		11,6	27,8	27,8
	Sum tiltaksområde 5	0,7	29,6	68,7	68,7
6	Klassereserve til disp.		5	10	15
	Sum tiltaksområde 1-4	28,4	74,8	102,6	110,5
	Sum tiltaksområde 1-5	25,58	96,25	161,65	169,15

* betyr at tiltaket er utgreidd, men ikke med i framlegg til vedtak

Vedlegg 2: Bygningsmessige konsekvensar av P6

Bygningsmessige konsekvensar av P6

Fylkesutvalet handsama Årsrapport for Bygg- og eigedomsavdelinga 2018 i sak U-20/19. I rapporten går det fram at det det bygningsmessige etterslepet i høve til vedlikehald er på 1,356 mrd kr. Kring halvparten av dette er knytt til bygg som er planlagt rusta opp (A-bygg), nybygd eller tatt ut av bruk (C-bygg). Resten er knytt til bygg som er forventa brukt i framtida (B-bygg).

Den årlege kartlegginga av avvik knytt til lov og forskrifter, mellom anna brann og elektrisk, syner eit akutt behov på om lag 100 mill kr. Dette er avvik som må lukkast så snart som råd. Vidare vart det avdekt eit akutt vedlikehaldsbehov på eksisterande bygningar på om lag 400 mill kr som må lukkast innan maksimalt 5 år. Vedlikehaldsbehovet i ein 10 års horisont er på ytterlegare 500 mill kr.

Det er i inneverande økonomiplan ikkje finansiert midlar for å lukke dei kortskiktige avvika.

For å lukke desse må budsjetta aukast om lag 22 mill kr/år.

I tillegg kjem investeringar i høve til investeringsprogrammet lagt fram i fylkestinget som vedlegg til sak T-34/19 Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2020-2023. Her ligg det inne behov for nybygg/rehabilitering tilsvarande 1,6 mrd kr. Tilsvarande ei auke i driftskostnadane på om lag 67 mill kr/år. Kvart prosjekt i investeringsprogrammet er kommentert til slutt i dette notatet.

Konsekvensar tiltaka skissert i P6-gruppa

Utdanningsavdelinga har gjennomført ei arealvurdering av alle skolane. Denne syner at dei aller fleste er relativt godt tilpassa elevtalet på skolen. Det vil seie at tilgjengeleg areal ligg \pm 10% i høve til gjeldande arealmodell.

Følgjande skoler avviker frå arealnorma (- manglar areal, + har overskot areal)

• Atlanten vgs	-28%	1500 kvm/netto
• Fagerlia vgs	-21%	2000 kvm/netto
• Ørsta vgs	-20%	1300 kvm/netto
• Volda vgs	-18%	1100 kvm/netto
• Fræna vgs	+12%	600 kvm/netto
• Sykkylven vgs	+20%	700 kvm/netto
• Spjelkavik vgs	+21%	900 kvm/netto
• Gjermundnes vgs	+30%	900 kvm/netto
• Stranda vgs	+39%	900 kvm/netto
• Tingvoll vgs	+110%	1900 kvm/netto

Det er ikkje foreslått strukturendringar i rapporten, med eit mogleg unnatak for Ålesund vgs. Det vil heller ikkje vere mogleg å ta ut deler av eller heile bygg som konsekvens av tiltakslista. Dette betyr at det ikkje er mogleg å spare inn driftskostnadar knytt til arealbruk.

Vurdering av einskilde skolar

Desse skolane er vurdert å ha så store bygningsmessige eller funksjonsmessige utfordringar at det må prioriterast tiltak. Tiltaka kan til dømes vere nybygg, rehabilitering/ombygging eller nedlegging.

Atlanten vgs

Har ein bygningsmasse kor deler er nybygg og rehabilert, og andre delar har store utfordringar knytt til funksjonaliteten på romma og akutte bygningsmessig tilstand. Skolen er den 4.dårlegaste skolen i høve til tilstand. Kortsiktig vedlikehaldsbehov er på knapt 40 mill kr.

Skolen er også underdimensjonert i høve til tilbodsstruktur og elevtal. Eventuelt nybygg bør sjåast i samanheng med ledig kapasitet på Kristiansund vgs som vil frigjerast dersom Fagskolen flyttast til Campus Kristiansund.

Fagerlia vgs

Nytt bygg er under oppføring. Dette skal primært gje plass til maritim utdanning frå Ålesund vgs (Voldalsberga). Resten av bygningsmassa er i dårleg teknisk tilstand. Skolen er den 3.dårlegaste skolen i høve til tilstand. Kortsiktig vedlikehaldsbehov er 75 mill kr. På lengre sikt ytterlegare 80 mill kr.

Skolen har også utfordringar i høve til funksjonalitet og etterverknadane etter sammenslåinga av skolane på Fagerlia. Det vart den gang aldri gjort bygningsmessige tilpassingar som skulle stette samanslåinga. I tillegg manglar skolen ca 2000 kvm til undervisning.

Framtidige investeringar bør sjåast i samanheng med utnytting av Spjelkavik vgs og eventuelt byggeprosjekt på Sørsida i Ålesund.

Ørsta vgs

Ørsta vgs har dårlegast bygningsmessig tilstand av alle dei vidaregåande skolane, samt at skolen manglar mellom anna gode fellesareal. Kortsiktig vedlikehaldsbehov er på over 124 mill kr, og det er krevjande å drive skolebygga i høve til lov og forskrift. I tillegg til vedlikehaldsbehova kjem behov for meir areal.

For å få ned kostnadene til investering og drift bør framtidig utbygging sjåast i samanheng med sambruk av areal med Ørsta kommune.

Volda vgs

Fylkeskommunen har vedtatt å flytte kroppsøvings frå Voldahallen til nye Volda Campus Arena. Det gamle Gymnasbygget er relativt nyleg rehabilert og i god stand, medan Handelsskolebygget bør rehabiliterast innan 5-10 år. Det kortsiktige vedlikehaldsbehovet på 7 mill kr er knytt til dette bygget.

Skolen manglar areal i høve til norma, og det er kritisk for den særskilt tilrettelagde opplæringa (TPO).

Borgund vgs

Borgund vgs har for det meste ny og god bygningsmasse, men der er også nokre brakker som vart satt opp mellombels i samband med utbygginga. For to av desse brakkebygga er tilstanden no kritisk både bygningsmessig og funksjonelt.

Bygga kan ikkje godkjennast i høve til kav i lov og forskrifter, og bruken burde vore avvikla snarast råd. Mellombels løyve frå kommunen er gått ut for fleire år sidan og det er ikkje rekingssvarande å prøve å sette brakkene i stand lenger.

Det vart starta opp nybyggprosjekt i 2017, men dette vart stoppa i samband med budsjettetthandsaminga i 2018.

Fræna vgs

Fræna vgs er den skolen med nest dårlegast bygningsmasse, med eit kortsiktig vedlikehaldsbehov på 34 mill kr. Skolen har noko ledig areal og det bør vere mogleg å redusere investerings- og driftsbehov ved å utnytte bygningsmassa betre. Dette krev da at utviklingsplana vert revidert med dette som målsetting.

Sykylven vgs

Sykylven hadde intill nyleg utfordringar med bygget og dei tekniske anlegga. Men det er gjennomført ei rekke prosjekt dei siste åra slik at skolen i dag har eit akseptabelt teknisk nivå. Det må likevel framleis gjennomførast nokre større prosjekt den neste 5-10 åra for at skolen skal stette måla i eigedomsstrategien.

Skolen har ledig arealkapasitet. Dette er foreslått nytt til fylkeskommunal tannklinikk. Fylkestannlegen har behov for ny klinik i Sykylven. Det har ikkje vore mogleg å finne ledige lokalar til leige som stettar behova til ny klinik. Så i staden for å bygge nytt så vert ledige areal i skolen bygd om til tannklinikk.

Spjelkavik vgs

Skolen er nyrehabilitert og framstår som heilt ny. Den er bygd ut for å kunne ta i mot 300 fleire elevar, men grunna mangelen på kroppsøvingslokalar står desse areala i dag ubrukt.

Det er derfor kritisk at prosjektet med ny idrettshall i Spjelkavika vert gjennomført raskast mogleg for å kunne ta ut potensialet for innsparing i drifta til utdanningsavdelinga.

Gjermundnes vgs

Landbruksskolen består av 35 bygningar med svært ulik tilstandsgard. 12 av desse bygga vert foreslått tatt ut av bruk og rivne. Sjølv etter dette vil skolen vere overdimensjonert i høve til elevtal.

I gjeldande utviklingsplan er det vedtatt at hybelhusa og driftsbygningane (fjøset) skal prioriterast. Bygg- og egedomssjefen meiner at hybelhusa må få ekstra prioritet, dersom det framleis skal tilbydast hybler til elevane. Dette grunna i behovet for ekstra tryggleik i høve til brann og rømming i hus der personar overnattar.

Stranda vgs

Tilstanden til Stranda vgs byrjar å bli utsatt. Skolen har ikkje vore prioritert dei seinaste åra i høve til bygningsmessige tiltak. Det kortsiktige vedlikehaldsbehovet er no på 13,5 mill kroner, men dersom skolen skal nyttast i lengre tid bør det også gjerast tiltak i høve til funksjonalitet og bygningskropp. Stranda vgs treng om lag 40 mill kr til vedlikehald i eit 10-årsperspektiv.

Skolen er overdimensjonert og fylkeskommunen nyttar i tillegg eit felles bygg eigd saman med Stranda kommune (Næringsfaghuset). Bygget er lokalisert saman med Stranda vgs.

Ved framleis bruk av Stranda vgs bør det utgreiaast korleis areala ved begge bygga kan nyttast betre enn i dag, og om det er mogleg å leige ut/selje deler av egedomsmassa.

Tingvoll vgs

Tingvoll vgs fekk nyleg vedtatt ein utviklingsplan som føreset eit utvida samarbeid med Tingvoll kommune. Skolen er inne på det 10-årige investeringsprogrammet med 80 mill kr.

Bygningsmessig er skolen relativt godt vedlikehalden, men det vil måtte brukast 20-25 mill kroner på tiltak dei neste 5-10 åra om ikkje utviklingsplanen vert gjennomført.

Skolen har også store funksjonsmessige utfordringar. Den er ikkje tilpassa i høve til universell utforming da det er mange ulike nivå i bygga, og det er ikkje installert heis i bygget. Dette gjer det umogleg å ta seg fram med rullestol i heilt vesentlege delar av bygget. Deler av undervisningsromma er meir enn 50 år gamle og utslitte.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
25.10.2019	126890/2019	Ingeborg Forseth

Saksnr	Utval	Møtedato
	Ungdomspanelet	06.11.2019

Ungdomspanelets innspel til "Omstilling 2020"

Samrøystes vedtak i Ungdomspanelet - 06.11.2019

Slik som det står i prosjektomskrivinga, er «Møre og Romsdal fylkeskommune – omstilling av organisasjonen mot 2020» (Omstilling 2020) initiert med bakgrunn i økonomiplan 2018-2021 og vedtak i sak T-63/17. Av den grunn vil ungdomspanelet sin uttale i denne saka også ha element frå økonomiplana i seg.

Ungdomspanelet har forståing for den økonomiske situasjonen i fylket. Vi set stor pris på at dei nye prioriteringane innanfor kultur, næring og folkehelse ikkje rammer barn- og unge direkte. Samtidig er panelet klar over at dette ikkje let seg gjere innanfor alle fylkeskommunale område.

Vi har følgjande innspel til saka:

Utdanning

Ungdomspanelet har i si vurdering av kuttforslag innan utdanning vurdert at det kan vere hensiktsmessig å leggje ned Tingvoll VGS om det kan vere med å unngå nedleggingar av linjer kringom i fylket.

Gjermundnes har eit spesielt utdanningstilbod og bør bevarast. Om mogleg, og om det sparar pengar, bør ein sjå på moglegheiter om administrative samanslåingar mellom Rauma VGS og Gjermundnes VGS.

Herøy VGS avdeling Vanylven bør leggast ned, grunna lågt elevtal og at elevane i regionen har gode alternativ i det framtidige Vestland fylke.

Det er uheldig at elevar ikkje lengre får PC-stipend, då stipendordningane frå lånerekassa ikkje er særleg gode frå før. Det er spesielt uheldig for linjer der ein treng PC som kan handtere tyngre program enn på vanlege studielinjer.

Ungdomspanelet er veldig positiv til at tilbodet om skule-PC held fram.

Samferdsel

FRAM Ung tilbodet er veldig godt, og det er svært uheldig at det blir ramma av prisauke. Mandatet til ungdomspanelet, som er vedteke av alle ungdomsråd på ungdommens fylkesting, har inneholdt at vi skal arbeide mot å auke prisar på FRAM Ung. Tilbodet i dag er bra, men prisauken går hovudsakleg ut over ungdom som ikkje har andre moglegheiter, til dømes; tilgjengelege foreldre, eige køyretøy eller andre betre alternativ. I diskusjonen til ungdomspanelet kom vi fram til at for å unngå stort omfang av omdømmetap, og få fleire brukarar, kan det vere lurt å anten utvide tilbodet til å gjelde, mellom anna, flybuss og nattbuss, eventuelt eit utvida aldersspenn frå den gjeldande. Aller helst er ei utviding av aldersspennet å tilråde, då kan prisauken vere akseptabel.

Hurtigbåten mellom Vestnes og Molde blir i all hovudsak brukt til skuleskyss. Skal dette bort må ferjetidene endrast på slik at elevar ikkje kjem for seint til skulane i

Molde. Om ferjetidene er som i dag vil alle elevar frå Vestnes komme 10 minutt for seint til skulen kvar dag. Elles er ikkje mangelen på hurtigbåttilbodet katastrofalt for ungdommen etter vår vurdering.

Reklame på buss er ei grei inntektskjelde om mogleg, så slepp ein å kutte tilbod/auke prisar alt for mykje.

Tiltaket «reduserte takstar utanom rushtid, tilbod til kommunar», meiner vi ser ut som eit bra tiltak.

Kultur

Vi er takksame for at det som rammar unge på kulturbudsjettet ikkje er like alvorleg som store deler av resten av budsjettet.

Tannhelse

Ungdomspanelet har forståing for at strukturelle grep er nødvendige, då dagens klinikksstruktur er underfinansiert (jfr. utrekningar gjort i samband med "Omstilling 2020"). Panelet håper på at dei nye endringane bidreg til å gjere tannhelsetenesta meir konkurransedyktig når det kjem til å tiltrekke nye behandlarar, samtidig som det økonomiske handlingsrommet blir større - og tenesta mindre sårbar.

**Internt metodedokument om framskriving av elevtal
for prosjekt**

**(P6) Utgreie organisering, tilbods- og skolestruktur
for den vidaregåande opplæringa**

Prosjektet er ein del av Omstilling 2020

Innhold

Bakgrunn	3
Metode.....	3
Datagrunnlag.....	4
Elevar i vidaregåande opplæring rapportert av Utdanningsdirektoratet.....	4
Elevar i vidaregåande opplæring rapportert av Møre og Romsdal fylkeskommune.....	5
Elevar som ikkje går på skolar eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune	5
Historisk folketal og framskriving av folketal etter alder, kjelde SSB.....	6
Definering av datauttrekk.....	6
Uttrekk av elevar frå utdanningsdirektoratet.....	6
Uttrekk av elevar frå Møre og Romsdal fylkeskommune sine eigne system.....	6
Uttrekk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikkbank.....	7
Omfang av dublettar	7
Samanlikning av elevtal mot tal frå Utdanningsdirektoratet	8
Bearbeiding av data.....	10
Steg 1: Berre skoler eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune skal inkluderast	10
Steg 2: Ny yrkesfaglig struktur.....	12
Steg 3: Tar ut elever som skulle vært i fagopplæring	13
Steg 4: Elever i Vg4 på Fagerlia vgs. og Molde vgs.....	14
Steg 5: Fordeling til Vg1 etter ny yrkesfaglig utdanningsstruktur	14
Steg 6: Elever med bustadkommune i andre fylke enn Møre og Romsdal	16
Steg 7: Rettsgrunnlag til vidaregåande opplæring	18
Steg 8: Slå saman medier og kommunikasjon til eitt utdanningsprogram.....	18
Steg 9: Innsnevring av datagrunnlag til skoleåret 20182019	20
Steg 10: Forholdstalsanalyse av elevtal og folketal - etter nivå	20
Steg 11: Framskriving av elevgrunnlag etter bustadkommune.....	22
Steg 12: Forholdstalsanalyse av elevar etter utdanningsprogram, skole og kommune.....	26
Steg 13: Framskriving av elevgrunnlag etter utdanningsprogram skolens inntaksregion.....	27
Steg 14: Framskriving av elevgrunnlag etter utdanningsprogram kommunens inntaksregion.....	29
Steg 15: Hornindal kommune tas inn i analysen	31

Bakgrunn

Omstillingsprosjektet *Omstilling 2020* består av fleire del-prosjekt. Eitt av dei er del-prosjekt (P6) *Utgreie organisering, tilbods- og skolestruktur for den vidaregåande opplæringa*. Der er framskrivingar av elevtal for den vidaregåande opplæringa i fylket etterspurd. Det er naudsynt med framskrivingar av elevtal for å gjere vurderingar av tilbodet av utdanningsprogram på den einskilde skole, i regionane og i fylket samla sett, og for å vurdere skolestrukturen.

For å forstå resultata av analysen er det viktig å ha kunnskap om uttrekka av data som inngår i analysen og metoden som ligg til grunn for analysen. Dette notatet beskriv metoden.

Metode

For å forstå resultata av ein analyse er det viktig å forstå både metoden som er brukt for å bearbeide og analysere datagrunnlaget, og dei vala som er gjort i forbindelse med å definere datagrunnlaga som ligg til grunn for analysen. Dette kapitelet beskriv metoden som er brukt for å gjere analysen, medan datagrunnlaga som går inn i analysen er omtalt i neste kapittel.

Det er mange val i forbindelse bearbeiding og analysering av dataa i dei underliggende datagrunnlaga. Til dømes om ein skal bruke eitt skoleår eller gjennomsnitt over fleire skoleår og om alder på elevane skal være med i analysen nå når ungdomsrettsreglane er endra. Avhengig dei val som gjerast kan analysen bli alt frå relativt enkel og transparent til stor og uoversiktleg.

Målet med analysen er å være eit beslutningsgrunnlag som er forståelig og relevant, slik at beslutningstakarane har eit godt grunnlag å ta beslutningar på. Det stiller krav til at analysen. Mellom anna gjer det at vi ikkje har brukta avanserte, matematiske modeller, men ein stegvis bearbeiding av dataa i datagrunnlaga der vi forklarar kvart steg og visar konsekvensane kvart steg har for datagrunnlaga. Til slutt gjer vi ei samankopling av datagrunnlaga gjennom forholdstal utrekna i den gjennomgåtte stegvise prosessen.

Analysen kan difor delast i to:

- A. Bearbeiding av historiske datagrunnlag for at dei elevane som skal være med i analysen blir inkludert, og for å få med endring av utdanningsprogram til ny yrkesfagleg utdanningsstruktur.
- B. Lage prognosar for åra framover basert på i) forhaldstal frå dei historiske data i del A og ii) folketalsprognosar frå SSB.

Der både del A og del B er stegvise prosessar. I dette metodedokumentet blir kvart steg i prosessen forklart og illustrert.

Handtering av dublettar blir alltid eit tema, og er ein viktig kjelde til at til dømes summen av elevar på utdanningsprogramma ikkje er lik summen av elevar samla. Anten om ein vel å berre telle eleven på eitt av utdanningsprogramma eleven deltar på, om ein vel å inkludere eleven på fleire utdanningsprogram eller om ein vel ein kombinasjon å berre telle eleven ein gong i brutto elevtala samstundes som han reknast med i alle utdanningsprogramma så kan det skape debatt om tala er riktig eller ikkje.

Vi har valt å vise i kva omfang det er dublettar i eit eige kapittel. I sjølve analysen har vi ikkje tatt omsyn til dublettar. Denne handsaminga av dublettar er valt for at det skal være enklare å sjå tala i samanheng. Slik vi vurderer det, går dette ikkje dette nemneverdig utover analysen sin kvalitet siden omfanget av dublettar er lite.

Vi brukar skoleåret 20182019 som basisår for forholdstal. Ikke gjennomsnitt over fleire år, glidande gjennomsnitt, e.l.

I rapporten *Tilbodsstruktur for vidaregående opplæring i Møre og Romsdal* (2016) er det elevtal for skuleåret 2015/2016 og søkartal for skuleåret 2016/2017. Å kombinere elevtal og søkartal for det same skoleåret kan gi noe ekstra informasjon. Mellom anna er søkartala kva søkerane «ønskar/draumar om» og elevtala viser «kva som er praktisk/realistisk». Å kombinere elevtal og søkartal for to ulike år kan bidra til at analysen blir litt vanskelegare å lese. I denne analysen er det difor berre elevtal som er brukt.

Skoleregionane som er brukt er i tråd med Norconsult i rapporten *Tilbodsstruktur for vidaregående opplæring i Møre og Romsdal* (2016). Med unntak av at Hornindal er tillagt region Søre Sunnmøre. Merk at Rindal er tatt med i region Nordmøre, sjølv om kommunen har skifta fylket til Trøndelag, mellom anna som ein følga av avtala mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune. Det gir følgande skoleregionar:

- Nordmøre: Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Halsa, Smøla, Aure og Rindal.
- Romsdal: Molde, Vestnes, Rauma, Nesset, Midsund, Aukra, Fræna, Eide og Gjemnes.
- Nordre Sunnmøre: Ålesund, Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven, Skodje, Sula, Giske, Haram og Sandøy.
- Søre Sunnmøre: Hornindal, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta.

Kom i hug at dette er framskrivningar og ikkje eit eksakt estimat på framtidige elevtal.

Datagrunnlag

Analysen har behov for data på fire område:

- Data om elevar i vidaregående opplæring, kjelde Utdanningsdirektoratet
- Data om elevar i vidaregående opplæring, kjelde Møre og Romsdal fylkeskommune
- Framskriving av folketal etter alder, kjelde SSB

Elevar i vidaregående opplæring rapportert av Utdanningsdirektoratet

Tal frå fylkeskommunane si årlege rapportering til Utdanningsdirektoratet og SSB/KOSTRA (heretter omtala Utdanningsdirektoratet) er mykje brukt når ein samanliknar drifta av den vidaregåande opplæringa mellom ulike fylkeskommunar. Tala blei også brukt av Norconsult i rapporten *Tilbodsstruktur for vidaregående opplæring i Møre og Romsdal* (2016), ein rapport dei lagde på bestilling frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Utdanningsdirektoratet behandlar dei rapporterte tala med ein omfattande metode, slik at dei skal vere mest mogleg samanliknbare mellom fylkeskommunar over tid og på nasjonalt nivå. Metoden gjer at det ikkje er enkelt å reprodusera tala, sjølv om tala i utgangspunktet er rapportert av fylkeskommunane.

Data om elevtal frå Utdanningsdirektoratet er tatt med for å kunne samanlikne desse tala med datauttrekk Møre og Romsdal fylkeskommune sjølv gjer.

Metoden Utdanningsdirektoratet brukar er ikkje tilpassa dei ulike politiske føringane i fylkeskommunane når det gjeld dimensjonering av tilbods- og skolestruktur. Dei politiske føringane i Møre og Romsdal fylkeskommune inneber at dimensjoneringa av den vidaregående opplæringa gjerast etter elevar med ungdomsrett. Det gjer at utdanningsavdelinga i fylkeskommunen har fokus på elevar med ungdomsrett. I andre fylkeskommunar kan det være andre rettar og andre føringar som styrar dimensjoneringa.

Utdanningsdirektoratet publiserer tal som er basert på elevane sin *elevstatus*. Elevstatusen tar ikkje omsyn til elevane sine rettigheitar til vidaregående opplæring. Nokre døme på elevstatusar er elev, spesialundervisning, utanlandsk utvekslingselev i Norge, lærlingar, privatistar og om eleven deltar i undervisning organisert for vaksne. Elevar som er registrert med elevstatusane elev,

spesialundervisning og utanlandsk utvekslingselev i Norge reknast med. I Utdanningsdirektoratet sin metode får ein del personar som ikkje har oppgitt elevstatus tilordna ein elevstatus, slik at dei kan vurderast i statistikkgrunnlaget.

Ei anna justering som skjer i metoden til Utdanningsdirektoratet og SSB er at han tar omsyn til elevar som er registrert med skoleplass på meir enn ein skole på nasjonalt nivå. Det gjer at ein unngår dublettar nasjonalt.

Det er difor viktig å forstå at datagrunnlaget vi gir til Utdanningsdirektoratet og SSB blir vasket etter metodar som ikkje vi har kontroll over. Utrekka frå våre eigne system, der vi har kontroll over metoden og dei underliggende dataa er oppdaterte på uttrekkstidspunktet, og data vi trekker ut frå statistikkbanken til Utdanningsdirektoratet, som er basert tidspunktet fylkeskommunane rapporterer til Utdanningsdirektoratet, kan derfor være ulike sjølv om det er dei sama tala som ligg til grunn.

[Elevar i vidaregåande opplæring rapportert av Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

